

Utkast til nytt prinsipp-program for AKP(m-l)

OKTOBER

© Forlaget Oktober A/S, 1983
Trykt hos A/S Duplotrykk, Oslo 1983
ISBN 82-7094-376-7

INNHold

Forord	4
Innleiing	6
Del I. Kapitalismen, imperialismen og den sosialistiske verdsrevolusjonen	7
1. kapittel. Imperialismens siste tid på jorda	7
2. kapittel. Løysinga: Sosialisme og kommunisme i heile verda	10
3. kapittel. Kampen mot supermaktene og krigen	14
Del II. Kampen for eit sosialistisk Noreg	16
4. kapittel. (Ikkje trykt)	
5. kapittel. Sosialistisk revolusjon i Noreg	16
6. kapittel. Utviklinga av klassekampen under kapitalismen	24
Del III. Den internasjonale kommunistiske rørsla og AKP(m-l)	26
7. kapittel. Den internasjonale kommunistiske rørsla	26
8. kapittel. Arbeidernes kommunistparti (marxist-leninistane) i Noreg .	28
Kommentarer	31
Bibliografi	47

FORORD

Her er et utkast til nytt prinsipp-program for AKP(m-l)!

I denne innleiinga, kort om

- **Hvorfor** nytt forslag?
- **Hva** er forskjellig?
- **Hvem** står bak?
- **Åssen** skal det behandles videre?
- **Hvor** kan du sende kritikk og kommentarer?

Hvorfor nytt forslag til prinsipp-program?

I år er AKP(m-l) 10 år. Det programmet partiet har er nesten ett år eldre: første utkast blei offentliggjort sommeren 1972.

Seinere er dette programmet revidert 3 ganger: På landsmøtene i 1973, 1976 og 1980. Programmet fra 1980 er det som gjelder nå. (Du finner det i boka «Prinsipp-program, sameprogram, vedtekter for AKP(m-l) vedtatt på det 3. landsmøtet desember 1980, Oktober forlag 1981.)

Både verden og partiet har forandra seg siden sommeren 1972.

Den gangen raste Vietnamkrigen. Seinere tapte USA i Indokina. Det har vært tallrike kriger, revolusjoner og fascistiske kupp. Sovjet har angripi Afghanistan, leda invasjonjer i Angola, Eritrea og Kampuchea og gitt Jaruselski ordre om å slå ned Solidaritet. Faren for en ny verdenskrig er blitt noe alle snakker om.

I 1972 ga den kapitalistiske økonomien enda et utvendig inntrykk av styrke og stabilitet. I 1983 er dette avløst av ei ny voldsom økonomisk verdenskrise, og av de stadig kraftigere virkningene av den nye teknologiske revolusjonen.

I Norge var oljeøkonomien førtsatt i startgropa den gangen. Siden blei svære industrier bygd opp, for så å bli målbevisst slakta ned når konjunkturerne snudde. Vekst i industriproletariatet blei avløst av relativ og absolutt tilbakegang for industriproletariatet ved inngangen til 80-tallet. Lønninger og sosiale ytelser gikk opp, for så å bli skrudd ned av kapitalistene i de seineste åra. År med svær vekst i sysselsettinga blei fulgt av den høyeste registrerte arbeidsløsheten etter 1945 i 1983.

Den internasjonale kommunistiske bevegelsen har også forandra seg.

For ti år sia var AKP(m-l) ett blant mange små maoistiske kommunistpartier i Vesten. Disse partiene søkte særlig inspirasjon i den kritikken som det kinesiske og albanske regjeringspartiet retta

mot den moderne revisjonismen. I dag har de aller fleste maoistiske kommunistpartiene i Vesten gått i oppløsning. Det albanske partiet har fordømt Mao og forlatt det felles grunnlaget for den nye kommunistiske bevegelsen. Etter Maos død har det kinesiske partiet stoppa den teoretiske kampen mot de moderne revisjonistiske partiene, oppretta partiforbindelser med slike partier som Mitterrands franske sosialdemokratiske regjeringsparti og det pro-sovjetiske franske revisjonistpartiet, og i prinsippet åpna for at partiforbindingen med det sovjetiske partiet kanskje kan bli gjenoppretta en gang.

AKP(m-l) sjøl har bak seg en periode med kraftig politisk og organisatorisk utvikling og indre kamper.

I den siste delen av denne perioden blei det stilt spørsmål ved alt partiet bygde på ved starten. Marxismen? Kritikken av det kapitalistiske Sovjet? Teorien om revolusjonen? Om sosialismen? Holde fast på dette eller forkaste det?

Den politiske situasjonen er kort sagt kraftig endra i disse åra. Jeg mener at dette også fører til at partiet ikke lenger kan nøye seg med å fortsette å flikke på det gamle programmet fra 1972. Dette er et spørsmål både om *form* og *innhold*. *Det duger ikke lenger!*

I innhold svarer ikke dette programmet til situasjonen etter at det er skjedd slike svære endringer. Det er ikke skrivi ut fra endringene i verdenssituasjonen (særlig når det gjelder den økonomiske verdenskrise og datarevolusjonen), det behandler ikke følgene av endringene i det norske klassesamfunnet, og det går ikke ut fra de nye forholda som rår i den kommunistiske verdensbevegelsen. Når det gjelder den politiske *kampen* som står mellom ulike ideer, så mangler det svar på mange spørsmål som er viktige både i den progressive og anti-imperialistiske bevegelsen generelt, og i kommunistpartiene og AKP(m-l) spesielt.

I forma er dette programmet prega av at det har gått gjennom mange harde prøvelser, mange revisjoner, endringsforslag er tatt inn i mange avsnitt, og det er prega av politiske kompromisser. Derfor er det blitt laust og utflytende, det er ordrikt, og strukturen innbyr dessuten til mange gjentakelser. Programmet er usystematisk og derfor vanskelig å lese og bruke. Før 1980 gikk det gjennom en grundig revisjon for å stramme det inn og gjøre det mer lettleselig. Tross dette er det ikke blitt en egna presentasjon av AKP(m-l)s viktigste prinsipper verkén for partimedlemmene sjøl eller for andre som søker kunnskap om partiet.

Jeg mener dette viser at nå er det ikke lenger revisjoner som må til, *men noe nytt*.

Vi har derfor laga et utkast til et slikt *nytt* program. Som kan *ta opp i seg* mer av analysen av det som har skjedd og som partiet har lært *etter* 1972. Og som er knappere, klarere og mer lettlest.

Dette er i hvert fall meningen!

Hva er likt og hva er forskjellig?

I *oppbygging* er det nye utkastet mye *enklere* enn 1980-programmet (og programmene i 1973 og 1976!).

Utkastet inneholder *tre* hoveddeler med til sammen *åtte* kapitler.

1980-programmet inneholder *sju* hoveddeler med til sammen *trettifire* kapitler.

Oppbygginga av utkastet er slik:

Del I tar for seg *utviklinga i hele verden*.

Her behandler *1. kapittel* utviklinga fram til og med kapitalismen og imperialismen. *2. kapittel* behandler kommunismen i verdensmålestokk og sosialismen som et skritt på veien til kommunismen. *3. kapittel* tar for seg de viktigste kort-siktige oppgavene for verdens folk i kampen mot imperialismen nå.

Del II behandler *Norge*.

Kapittel 4 skal ta opp utviklinga i Norge under kapitalismen. *NB: Kapittel 4 er ikke ferdig og er derfor ikke med i denne utgaven.*

Kapittel 5 tar for seg sosialismen i Norge.

Kapittel 6 behandler (meget kort) dagskampen under kapitalismen i Norge.

Del III er om *den kommunistiske bevegelsen*.

Kapittel 7 behandler den internasjonale kommunistiske bevegelsen.

Kapittel 8 er om AKP(m-l).

Når det gjelder forma ellers så har vi forsøkt å unngå mange detaljerte forklaringer som var med i 1980-programmet. Vi har heller ikke forsøkt å få med ei lang rekke definisjoner av begreper osv. som finnes i klassisk marxistisk litteratur. Slike definisjoner kan best studeres hos klassikerne sjøl. Dette er et program og ikke et utkast til ei lærebok. Det vi har sett som viktig, er å definere AKP(m-l)s syn på områder der det *nå* finnes motsetninger eller usikkerhet. *Der* har vi lagt inn forklaringer (og sikkert noen ganger for lange og ordrike forklaringer). Dessuten har vi forsøkt å gi programmet en form som er lett å lese, slik at det skal kunne brukes av folk som uten større forkunnskaper ønsker å sette seg inn i hva AKP(m-l) mener.

I *innhold*, i *politikk* har vi på den ene sida søkt å få med det vi mener er det riktige hovedinnholdet i 1980-programmet. Vi er *ikke* uenige i noen hovedpunkter i dette programmet. Vi ønsker derfor *ikke* et nytt program for å få en sjanse til å kaste det politiske hovedinnholdet i 1980-programmet på skraphaugen. Vår kritikk av 1980-programmet er *dels* at det er dårlig i forma, *dels* at det har *mangler* i innholdet som gjør at det på viktige områder blir utilstrekkelig. Den *andre* sida blir derfor at vi har forsøkt å *bygge ut* det nye programmet nettopp på de områdene der 1980-programmet er for allment eller helt mangler politikk.

Det som *likner mest* på 1980-programmet er framstillinga av *verdenssituasjonen*, partiets forhold til supermaktene, sosialimperialismen, poli-

tikken hvis en krig bryter ut osv. Her mener jeg 1980-programmet i hovedsak er gjennomarbeida og godt. Utkastet nyskriver det som står om verdenssituasjonen (som alt anna), men ut fra den politiske hensikten å ta med hovedinnholdet i 1980-programmet og dessuten gå ut fra AKP(m-l)s militærpolitiske program fra 1979. (Det forutsetter at AKP(m-l)s militærpolitiske program fra 1979 fortsatt skal gjelde som parti-program etter AKP(m-l)s 4. landsmøte.) Dessuten er det tatt med en del polemikk for å avgrense partiet fra pro-sovjetiske og pasifistiske retninger i fredsbevegelsen.

Framstillinga av *kommunismen og sosialismen* er av de delene i det nye programmet som skiller seg mest fra 1980-programmet og programmene i 1973–1976.

I motsetning til dem legger utkastet hovedvekt på *kommunismen*. Tankegangen er at kommunismen er vårt egentlige mål, og verdens økonomiske og politiske utvikling nå gjør at den marxistiske teorien om dette blir stadig viktigere.

Sosialismen er behandla som en *nødvendig overgang* til kommunismen, og derfor prega av motsetninger, problemer og hard klassekamp, og ikke som noe mål i seg sjøl eller som en sjølstendig og stabil samfunnsform som vil vare i lang tid i historia.

Utkastet tar dessuten stilling til ei lang rekke spørsmål som har vært framme i debatten i de siste åra, som f.eks.:

- væpna revolusjon eller fredelig overgang?
- proletarietets diktatur (eller hur?)
- ett eller flere partier under sosialismen?
- Og hva med valg?
- og hva med kommunistpartiets rolle?
- og økonomien? Plan eller profitt i styringa?

Når det gjelder *den internasjonale kommunistiske bevegelsen*, markerer utkastet sterkere enn noen gang før AKP(m-l)s uavhengighet i forhold til andre partier, det gjør en kritisk vurdering av sider ved den kommunistiske tradisjonen, og det forsvaret det synspunktet at det må bygges opp en sjølstendig kommunistisk bevegelse på grunnlag av marxismen-leninismen-maoismen (Mao Zedongs tenkning) i skarp kamp mot den falske revisionistiske «kommunismen».

I *analysen av Norge* er det meninga at kapittel 4 (som altså mangler her) skal gå grundigere inn på *særtrekka ved Norge som et høyt utvikla kapitalistisk samfunn*, og dessuten behandle noen viktige spørsmål i samband med utviklinga i de siste åra.

Kapitlet om *dagskampen* (kap.6) bygger på de samme prinsippene som behandlinga i 1980-programmet, men er veldig kraftig forkorta.

Det politiske standpunktet som er grunnlaget for utarbeidelsen av dette programmet, er at de kraftige angrepa fra høyre mot marxismen-leninismen-maoismen innafor den kommunistiske bevegelsen i Vesten i *hovedsak er feil og må bekjempes*. Hensikten med programmet er derfor å forsvare den riktige, revolusjonære kjerna i denne politiske teorien. *Samtidig* virker det klart at når det gjelder den konkrete *utviklinga* av denne teorien for å analysere forhold i *de høyt utvikla kapitalistiske landa*, i *de sosialistiske landa* og i *de revisionistiske kapitalistiske landa*, så er teorien blitt hengende etter, og deler av det vi har vært

vant til å oppfatte som riktig marxisme, er i virkeligheten feil. Dette er ikke et uttrykk for at marxismen ikke duger, men for at en korrekt marxistisk analyse av disse nye fenomenene ikke har blitt gjort. På disse områdene ønsker vi at programmet skal bringe oss noen skritt videre.

Hvem står bak dette utkastet?

Dette utkastet er skrivi av ei lita gruppe leda av Tron Øgrim.

Denne gruppa blei nedsatt på initiativ fra sentralkomiteen i AKP(m-l).

Etter at utkastet blei ferdig, har verken sentralkomiteen eller noe anna ledende organ i partiet behandla det for å ta stilling til det *politisk*. Men det er fatta et vedtak om at det kan sendes ut offentlig som et *grunnlag for debatt*.

De som hefter for det politiske innholdet, er derfor ingen andre enn den lille gruppa som faktisk har utarbeida forslaget. Skyts kan rettes mot meg som står fram for denne gruppa. Hvert ord og hver formulering her er ikke prega av meg, men helheten i den politikken som det uttrykker står jeg inne for. Og politiske og teoretiske feil som forslaget sikkert inneholder, kan jeg også stilles til ansvar for, ettersom jeg som ansvarlig for redigeringa av utkastet.

Åssen skal utkastet behandles videre?

Utkastet er lagt fram som et ledd i forberedelsene til AKP(m-l)s 4. landsmøte. Etter planen skal det være i 1984.

AKP(m-l) har planlagt programdiskusjoner i partiet høsten 1983.

Dette utkastet vil danne *en del* av grunnlaget for denne debatten. Det er meningen at det skal suppleres med det manglende kapittel 4 i løpet av sommeren/tidlig på høsten 1983.

NB: Debatten er *ikke låst til dette utkastet*. Gruppa som har utarbeida utkastet, er ferdig med sitt arbeid. Sentralkomiteen vil opprette en ny og breiere programkomite seinere, på grunnlag av synspunkter som kommer fram i debatten. Denne komiteen vil også kunne behandle eventuelle andre programutkast. Dette er avhengig av åssen debatten går.

Det er for å markere debattens åpne karakter, der ikke noe på forhånd er avgjort, at dette utkastet blir sendt ut sammen med en del kommentarer fra medlemmer i partiet. Vi har bedt en del kamerater uttale seg, dels fordi de har markert ulike standpunkter i tidligere programmatisk debatter i partiet, dels fordi de har spilt ei viktig rolle i forskjellige former for politisk arbeid.

Som i 1972 og i 1979 *begrenser* vi ikke muligheten til å diskutere og kritisere programspørsmål til medlemmer og medlemsmøter i AKP(m-l). Vi legger fram forslag offentlig, slik at både sympatisører, venner og for den saks skyld fiender kan diskutere og kritisere hvis de vil. Vi mener sånn diskusjon og kritikk er svært nyttig for oss. Derfor vil programdiskusjonen også bli ført i Røde Fane, Klassekampen og andre offentlige fora utenom interne partimøter.

Hvor kan du sende dine kommentarer?

Hvem som helst kan altså sende inn sin kritikk og sine forslag til dette utkastet (eventuelt fullstendige alternative forslag hvis noen vil det).

Medlemmer av AKP(m-l) kan sjølsagt sende inn forslaga sine gjennom partiorganisasjonen.

For folk som ikke kan gjøre det, er det mulig å sende forslag *direkte* til partiet, AKP(m-l), Postboks 211 Sentrum, Oslo 1.

Dette utkastet er raskt skrivi og har på noen områder karakteren av en kladd. Sjøl folk som vil si seg enig i det politiske hovedinnholdet, må være enig i at det trenger både språklig og politisk presisering. Alle forslag er derfor velkomne, enten de gjelder store politiske spørsmål eller mindre, reint språklige endringer.

Ikke vent for lenge! Jo tidligere forslag fins på bordet, jo lettere blir det for programkomiteen å få dem med i behandlings foran det 4. landsmøtet.

Les, tenk, kritiser!

Mars 1983
Tron Øgrim

INNLEIING

Vi har gått saman i Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene) fordi vi vil slåst for å gjera slutt på all undertrykking og utbytting i heile verda.

For å nå dit må arbeidarklassen og folket i Noreg først få bort kapitalismen og skapa ei sosialistisk samfunnsordning. Så må vi i Noreg gå saman med alle folk og nasjonar i verda for å få

bort all imperialisme. Folka på jorda må saman skapa eit nytt, kommunistisk verdssamfunn. I dette samfunnet finst det ikkje klassar, ikkje stat, og menneska er ikkje skilde av statsgrenser. Alle på jorda har høve til å leva eit fritt og rikt liv.

Dette programmet forklarar korleis vi meiner kampen for dette må førast.

KAPITALISMEN, IMPERIALISMEN OG DEN SOSIALISTISKE VERDSREVOLUSJONEN

1. kapittel

IMPERIALISMENS SISTE TID PÅ JORDA

Klassesamfunnet vil ikkje vara evig

Det var menneske på jorda lenge før det vart klassar. Dei levde i lag i grupper og skaffa seg utkome frå naturen, utan at nokon tvinga andre til å jobba for seg og levde av arbeidet deira. I denne tida hadde menneske få reiskapar og avgrensa kunnskapar om verda ikring seg. Slike samfunn kallar marxismen for *urkommunisme* eller *primitiv kommunisme*.

Etter kvart som kunnskapane auka og reiskapane vart betre, kunne menneske produsera store overskot av mat, klede, bustader osv., meir enn det kvar einskild trong for å overleva. Utviklinga av produktivkreftene endra arbeidsdelinga mellom menneske og dimes viset samfunnet var organisert på. Som ei følgje av at arbeidsdelinga utvikla seg, vart samfunnet delt i klassar. Ein liten overklasse kunne riva til seg makta i samfunnet, skapa ei valdsmakt for å halda det arbeidande fleirtalet nede og sikra seg fruktene av arbeidet deira. Overklassen kunne herska og styra utan å ta del i produksjonen sjølv. Slik vart klassane, den økonomiske utbyttinga og staten til.

Skiljet mellom kvinne og mann i samfunnet vart eit steg på vegen fram mot klassesdeling av samfunnet. Kvinneundertrykkinga vart til med privateigedom som blei akkumulert på mannen sine hender. Det urkommunistiske matriarkatet vart erstatta med eit patriarkalsk slavesamfunn. Frå å vera likestilte partnerar i produksjonen vart kvinna underordna mannen, som tenaren hans. Ho tok seg av husarbeid og barnestell. Åndsarbeid og kroppsarbeid vart skilde åt av klassesdelinga. Overklassen var no frigjort frå produksjonen. No skaffa han seg herredømme over kunnskap om organisasjon, økonomi, militærstell, vitskap osv. og brukte desse kunnskapane til å styrka stillinga si. Den rike overklassen samla seg i byane. Etter kvart som klassesamfunnet utvikla seg, gjorde byane seg til herrar over landsbygda. Overklassen i rike og sterke land høyrte til koloniane sine. Kolonilanda vart plyndra og hindra med tvang frå å utvikla seg sjølvstendig.

Utbytting og undertrykking, skiljet mellom klassane, mellom kvinne og mann, åndsarbeid og kroppsarbeid, by og land, herskarnasjon og un-

dertrykt, underutvikla nasjon er ikkje noko resultat av tilfeldige historiske hendingar. Heller ikkje er dette eit resultat av «menneskenaturen». Det er ei følgje av utviklinga av klassar og klassekamp i menneskesamfunnet.

Heilt sidan dei første klassesamfunna kom til har menneskesoga handla om *klassekamp*.

Då klasseskilja vart til, fekk vi ei kraftig utvikling av arbeidsdelinga i samfunnet. Det førte til ein sterk auke av den menneskelege produktiviteten. Store mråde vart utnytta i fellesskap. Kunnskap om produksjon, natur og administrasjon vart utvikla til vitskap. Dei klassesdelte samfunna kunne fø på mange fleire menneske enn før og gjera mykje meir fellesarbeid enn før. I denne samanhengen var tilvoksteren av klassar eit historisk framsteg, som har skapt grunnlaget for vår tids sivilisasjon.

Klassesamfunnet vart skipa ved hjelp av brutal undertrykking og blodige erobringkrigar. Så lenge det har vore klassekamp har underklassen gjort opprør.

Slike opprør har drive historia framover. Dei førte til at klassesamfunn tufta på *slaveri* fall og klassesamfunn bygde på *føydalisme* kom i staden. Seinare velta dei føydalismen, slik at kapitalismen kunne oppstå. Opprøra la vegen open for nye klassar som brukte meir effektive former for produksjon. Dei kasta reaksjonære tankesystem på skraphaugen og gav friare rom for den menneskelege tankeutviklinga. Steg for steg skapte opprøra kravet om fridom og demokratiske rettar for det arbeidande fleirtalet.

Men i tusenvis av år førte opprøra aldri til at dei undertrykte arbeidande massane sjølve fekk makta. Utviklinga av menneskesamfunnet gjorde det umogeleg. Dei undertrykte jobba spreidd og kvar for seg. Arbeidet isolerte dei frå kunnskapar om økonomi, administrasjon og politikk. Dei kunne ikkje skapa noka makt som kunne koma i staden for makta til ein overklasse som var frigjort frå produksjonen. Leiarane for slavane, leigendingane og arbeidarane som sigra i opprør, vart difor sjølve nye slaveeigarar, føydalherrar og kongar, nye kapitalistar og borgarlege statsmenn. Jamvel dei mest radikale revolusjonar førte difor berre til at ein eldre, reaksjonær herskarklasse vart erstatta av ein ny og meir moderne.

Utviklinga av den kapitalistiske produksjonsmåten skapte på den eine sida ein moderne kapitalistklasse, ein klasse som eig produksjonsmidla. På den andre sida skapte han ein moderne arbeidarklasse, eit proletariat, som ikkje eig anna enn arbeidskrafta si. Den kapitalistiske produksjonsmåten som er bygd på privateigedom, kunne berre finnast til gjennom å gjera ein stadig større del av samfunnsmedlemmene eigedomslause. Difor kalte Marx proletariatet for «det mest eigentlege produktet» til kapitalismen. Det er den klassen som står i direkte motsetnad til kapitalismen. Det er samstundes den største klassen i eit moderne industrisamfunn, samla og organisert i store industriar. Arbeidarklassen er difor objektivt den mest revolusjonære klassen. I motsetnad til revolusjonære klassar i tidlegare tider kan ikkje arbeidarklassen sigra ved å innføra eit nytt utbyttersystem. Han kan berre sigra ved å avskaffa utbyttinga i det heile. Ved å frigjera seg frigjer han også samfunnet frå utbyttinga. Av alle undertrykte klassar og grupper i det kapitalistiske samfunnet er arbeidarklassen den krafta som må gå i brodden for kampen mot kapitalismen og samla dei andre undertrykte gruppene kring seg.

Etter kvart som arbeidarane skjønar samfunnet betre, utviklar kampen seg frå berre å gjelda løn og arbeidstilhøve til å omfatta fagforeningsfridom og politisk fridom, skulegang, kultur og nasjonal frigjering. Til slutt dreiar det seg om sjølve makta i samfunnet. Arbeidarane slår seg i lag på tvers av landegrensene. Kvinnene vert no dregne ut frå husarbeidet og inn i produktivt arbeid. Såleis blir dei ein stadig større del av arbeidarklassen. Arbeidarane samlar ikring seg dei arbeidande bøndene, lågare funksjonærar og intellektuelle. Til slutt gjeld det alle klassar og lag av folket som står imot kapitalistane. Arbeidarane og dei undertrykte folka i dei underkua landa slår seg saman med arbeidarane i herskarlanda mot dei felles undertrykkarane sine.

Denne utviklinga skjer ikkje utan avbrot og atterslag. Etter sigrar for arbeidarklassen, følger nederlag. Leiurar skiftar side, organisasjon og einskap blir sprengde. Det politiske medvitet kan gå tilbake for ei tid. Men kapitalismen held fram med å breia seg utover og utvikla seg. Arbeidarane i verda vert fleire og fleire, dei sams tradisjonane og kamperfaringane deira blir rikare. Frå ein verdshistorisk synsvinkel er atterslaga berre mellombels hefte og avbrot.

Med den moderne arbeidarklassen finst det no ei kraft som er samla. Denne krafta har evne til å organisera seg og skaffa seg kunnskap, og ho kan samla det store fleirtalet som arbeider rundt seg. Difor kan arbeidarklassen gjera revolusjon på ein måte der makta til kapitalistane blir erstatta av arbeidarklassens eiga makt.

Vitskapen og maskinane som er skapte under kapitalismen, gjer at det er råd å få bort naud og tungt slit på heile jorda. Dette kan skje om arbeidarane sjølve tek makta over dette og bruker det til felles beste for alle. Dette kan skapa ei ny verd, der alle menneske får same høve til å utvikla evnene sine fritt.

Klassedelinga i menneskesoga varer ikkje evig! Tidsalderen åt klassesamfunna tok til for nokre tusen år sidan. Han vil også ta slutt. No nærmar slutten seg snøgt. Klassesamfunnet kan i framtida

bli avløyst av ei ny form for kommunisme. Men denné gongen er det ikkje ein kommunisme bygd på fattigdom, enkle reiskapar og fåkunne. Tvert om: *ein høgt utvikla kommunisme* skapt på grunnlag av menneskeleg kunnskap og herredømme over naturen. Ein kommunisme der det er nøgda av alt som trengst for at menneska skal leva godt. Dette er eit samfunn som kan skapa jorda om til ei verd der alle folk kan leva i lag i fred og vennskap.

Dette er tidsalderen for revolusjonane

Kapitalismen fekk sitt avgjerande gjennombrot ved den industrielle revolusjonen som starta sist på 1700-talet. I store borgarlege revolusjonar vart føydaladelen feid til sides, borgarskapet tok over makta og dei moderne nasjonalstatane oppsto. Dampmaskina og andre nyvinningar revolusjonerte produksjonen. I denne tida vart også den moderne arbeidarrørsla til. Arbeidarklassen tok del i dei borgarlege revolusjonane, men han fekk sitt avgjerande gjennombrot som klasse i den første sosialistiske revolusjonen, Pariskommunen i 1871, då arbeidarklassen tok makta i nokre månader. Med dette byrjar ein ny epoke der arbeidarklassen spelar ei stadig viktigare historisk rolle.

Kapitalismen er ei samfunnsform som ikkje kjenner nokon stillstand. Borgarskapet kan ikkje finnast til utan heile tida å revolusjonera produktivkreftene. Men slik mognar også borgarskapet føresetnadene for sitt eige fall. Tevlinga mellom kapitalistane fører til at den store slår ut den vesle, gamalt maskineri lyt erstattast med nyare og stadig nye område vert dregne inn i den kapitalistiske verdshandelen. Dette driv heile tida fram nyorganisering av økonomien. Det fører til sambrot, kriser og krigar, samstundes som det kapitalistiske samfunnet sjøl utviklar seg vidare.

Gjennombrøtet for monopolkapitalen og imperialismen kom ved inngangen til dette hundreåret. Samtidig kom ein ny industriell revolusjon som m.a. bygde på bruk av elektrisitet og olje. Nokre få finanskapitalistar vart herrar over staten og økonomien i dei mest utvikla landa. Eit fåtal imperialistiske makter gjorde dei fleste andre landa til koloniar og delte verda mellom seg. Såleis byrja ei tid med kraftige krigar mellom dei største imperialistane som ville ta koloniar frå kvarandre. No fekk vi også frigjeringskrigar i kolonilanda og opprør frå arbeidarklassen.

Etter den første verdskrigen kom oktoberrevolusjonen i Sovjet-Samveldet. For første gong tok arbeidarklassen makta og oppretta sosialisme i eit heilt land. Etter den andre verdskrigen følgde den sosialistiske revolusjonen i Kina og mange andre revolusjonar. Frigjeringsstridane i Asia, Afrika og Latin-Amerika har knust det gamle kolonisystemet og skapt nærpå 100 nye statar. Verda har gått inn i den tidsalderen då kapitalismen og imperialismen går mot sin undergang. No vil sosialistiske revolusjonar sigra.

I denne tida finn vi også reaksjon. Revolusjonar har kome skiftevis med terroristiske diktatur, utvikling med krise og hungersnaud, frigjering med folkemord. I dei fleste landa der det var sosialistisk revolusjon, har borgarskapet teke makta og oppretta kapitalisme. Imperialismen har framleis sterk makt i dei fleste statane som voks fram

or ruinane frå kolonisystemet. Nå trugar supermakten med å løysa ut ein 3. verdskrig.

Men dette vil ikkje seia at kapitalismen og imperialismen blir meir stabil! No skaper datateknologien og andre vitskaplege gjennombrøt ein tredje industriell revolusjon. Dette skjerpar dei ovstore motsetnadene og krisa i det kapitalistiske verdssystemet.

Ei ovsterk utvikling av menneskelege kunnskapar og produktivitet fører til krise, arbeidsløse, fattigdom! Den samla rikdommen åt manneætta veks enormt, medan eit stort fleirtal lever med svolt og sjukdom, undertrykking og krig. Bruken av dei nye og mektige kunnskapane til privat fortjeneste fører til øydelegging av jorda, rasering av økosystem og katastrofar i det menneskelege miljøet. Imperialismen kjem i stadig skarpare motsetnad til at manneætta fortsatt kan leva på jorda.

Alt dette viser stadig klarare at det er nødvendig at fleirtalet av menneska får kontroll over heile jorda og produktivkreftene der. Dei må bruka desse goda til felles beste, ikkje til å skapa luksus for nokre få. Den nye industrielle revolusjonen styrkjer også det økonomiske grunnlaget for ei slik kommunistisk verdsordning, medan det vert stadig meir vanskeleg å halda liv i ein verdsøkonomi som er bygd på kapitalisme, privateigedom og vareproduksjon.

Same kor mange atterslag, terror og krigar vi får, vil revolusjonane mot kapitalismen og imperialismen utvikla seg vidare. Frigjeringskampene i Asia, Afrika og Latin-Amerika har vorte stadig sterkare i heile dette hundreåret. Krisa i verds kapitalismen peikar i retning av ein ny revolusjonær periode i dei høgt utvikla kapitalistiske landa.

Dei store motsetnadene i det imperialistiske verdssystemet

Tidleg i 1920-åra laga dei russiske kommunistane dette samandraget av dei store motsetnadene i verda i dag:

- motsetninga mellom imperialismakten og dei undertrykte landa og nasjonane
- motsetninga mellom borgarskapet og arbeidarklassen i dei kapitalistiske landa
- motsetninga mellom dei imperialistiske landa seg imellom
- motsetninga mellom imperialistiske land og sosialistiske land

Desse store motsetnadene vil prega verdsutviklinga i lang tid framover. Men forholda mellom ulike grupper av land vil skifta. Mange koloniland har frigjort seg. Gamle imperialistiske land som Tyskland, England, Frankrike, Japan, Italia har vorte stormakter i andre rekkje. Sovjet har skifta karakter frå eit sosialistisk til eit imperialistisk land. Ut frå dette laga dei kinesiske kommunistane tidleg i 1970-åra denne inndelinga av alle landa i verda i tre store grupper:

- **Den første verda**, som er dei to sterkaste imperialismakten, supermakten Sovjet og USA.
- **Den andre verda**, som er dei andre høgt utvikla kapitalistiske landa, som Europa og Japan.
- **Den tredje verda**, som er det store fleirtalet i verda, dei tidlegare kolonilanda i Asia, Afrika og Latin-Amerika.

Den 3. verda omfattar dei landa som står hardest imot imperialismen. Kampene i den 3. verda knuste det gamle koloniveldet, sigra over dei gamle kolonimakten og snudde USA sin frammarsj til tilbakegang. No står dei hardaste kampene mot Sovjets imperialisme i den 3. verda. Kina har heilt frå 1949 vore den største einsildkrafta som har stått imot imperialismen. Kina høyrer til den 3. verda. I den 3. verda finn vi dei største frigjeringsrørslene mot imperialismen og dei største folkeopprøra mot utbytting og fascistisk undertrykking. Frigjeringsrørsla femner om arbeidarar, bønder og andre arbeidsfolk, men også mange nasjonale borgarar og jamvel somme statsbyråkratar og føydalistar er med. Jamvel somme regjeringar og statar som undertrykkjer folkemassane innanlands, blir på nokre område nøydde til å gå mot imperialismen. Dette er eit uttrykk for styrken i denne rørsla. Den kampen folka i den 3. verda fører mot imperialismen, er hovuddrivkrafta for framsteg i verdshistoria no.

Dei to supermakten Sovjet og USA er dei einaste imperialismakten som er sterke nok til å kjempa om verdsherredømme. Dei rivaliserer om hegemoniet på alle kontinent. Desse supermakten er hovudstøttene til bakstrevarane over heile verda.

USA var før den sterkaste imperialismakta i verda. No er landet i kraftig tilbakegang. Mange land har frigjort seg frå USA. Japan og Europa gir USA stadig sterkare konkurranse. Sovjet har teke over fleire av basane som USA hadde før. Den økonomiske krisa har råka USA hardt og skjerpa dei indre motsetnadene. Men USA har framleis den største produksjonskapasiteten i verda. Landet er ei av dei to sterkaste militærmakten i verda og har mange sterke internasjonale posisjonar.

Sovjet har vorte ei aggressiv, fascistisk og sosialimperialistisk supermakt i framgang. Statsmakta og kapitalen i Sovjet er meir konsentrert enn i noko anna stor imperialismakt. Sovjet har ein militarisert økonomi og den sterkaste militærmakta i verda. Sjølv om Sovjet ligg etter USA økonomisk, så har økonomien vakse raskare dei siste tiåra. Sovjet har mange formelt sjølvstendige land under sin kontroll, i eit system av nykoloniar. Sovjet har makta å skaffa seg nye støttepunkt på alle kontinent og har greidd å vinna kontroll over frigjeringsrørslar ved å stå fram som venene deira. Sovjet har blitt den viktigaste eksportøren av fascisme og åtakskrig. Samtidig har Sovjet store problem med økonomien sin. Landet har vorte svekka av fleire langdryge krigar og møter no ein kraftig og veksande opposisjon i dei underkua landa og frå folka inne i Sovjet sjølv.

Landa i den 2. verda er ei slags mellomgruppe mellom supermakten og den 3. verda. Mellom desse er både austeuropiske land som er imperialistisk undertrykte av Sovjet, og mellomstore imperialismakter som har eigne imperialistiske interesser. I desse landa finn vi somtid vi tendensar til motstand mot supermakten og allianse med den 3. verda. Av og til opplever vi også knefall for supermakten og front mot den 3. verda frå slike land. Arbeidarklassen her er kløyvd og politisk demoralisert, og det har ikkje utvikla seg noka brei masserørsla mot supermakten og imperialismen enno.

Tre viktige særdrag pregar verdsutviklinga i den første delen av 1980-åra:

— Rivaliseringa mellom dei to supermaktene skjerpar seg. Sovjet prøver å byggja opp ei militær makt som er sterkare enn den amerikanske. Sovjet pressar fram posisjonane sine, gjennomfører kupp og militære overfall for å styrka stillinga si. USA freistar å ta opp kampen. Vi får ei oppbygging av styrkar i det viktigaste rivaliseringsområdet: Europa og Midt-Austen, særleg frå sovjetisk side. Konfliktane mellom dei to vert opnare og skarpere i mange ulike delar av verda. Dette kan løysa ut ein tredje verdskrig. Det er rett å seia at *verda er truga av krig*.

— Den kapitalistiske verdsøkonomien er inne i den hardaste økonomiske krisa på femti år. Samstundes fører den nye industrielle revolusjonen til omfattande strukturendringar som skjerpar krisa i dei kapitalistiske landa. Arbeidsløysa er alt re-

kordhøg. Heile industrigreinene ryk overende. Tevlinga mellom landa om verdsmarknaden blir kraftig tilkvesst. Denne krisa slår aller hardest ut i dei mest fattige og minst utvikla landa i verda, der dei store folkehopane vert trykte endå djupare ned i svolt og elende.

— Undertrykkinga, nauda og dei svært harde utslaga av krisa gjer at stoda i mange land i den tredje verda vert stadig meir ustabil. Politiske kriser, statskupp og folkeopprør blir meir og meir vanlege. I somme land i verda fører folket anti-imperialistisk frigjeringskrig. I dei siste tiåra har det vore svært mange revolusjonar i den tredje verda. Truleg vil denne revolusjonære tendensen halda fram med å styrka seg.

Dette kan oppsummerast slik: Utviklinga fører til at dei fleste store motsetningane i verda kvesser seg til. Det imperialistiske verdssystemet er på veg inn i ei skarpaste allmenne krise nokonsinne.

2. kapittel

LØYSINGA: SOSIALISME OG KOMMUNISME I HEILE VERDA

Eit nytt, kommunistisk verdssystem

Den verdshistoriske oppgåva til arbeidarklassen er å avskaffa kapitalismen og imperialismen overalt på jorda. Dei skal erstattast med eit heilt nytt samfunnssystem: *den høgt utvikla kommunismen*.

I dag lir store delar av manneætta under ovstor fattigdom, epidemiske sjukdommar og svolt. Dette kan løysast under kommunismen ved at menneska i fellesskap bruker kunnskapane sine og produksjonsutstyret til å stetta dei viktigaste fysiske dagsbehova.

Automatiske maskiner kan avskaffa det tunge, einsformige og øydeleggjande slitet i produksjonen. Samstundes treng ingen vera redde for å bli utan arbeid. Det finst nok av viktige oppgåver for menneskeleg arbeidskraft i omsorg for menneske, undervisning, nødvendig produksjon, vitenskap, kunst og administrasjon. Men arbeidet tar ikkje form av lønsarbeid for pengar. Det kan fordelast på frivillig basis og utan økonomisk tvang. Dette kan gjerast såleis av di berré ein liten del menneskeleg arbeid er nok til å produsera det livsnødvendige for alle.

Naturen og det menneskelege miljøet vert ikkje lenger øydelagde. Produksjonen skal stetta dei behova menneske har og ta vare på naturen og miljøet som høyrer med til dette. Høgt utvikla vitenskap gjer at slike former for produksjon som øydelegg natur og miljø kan avskaffast.

Det finst ikkje lenger klasseskilje fordi nokon eig produksjonsmiddel, administrerer og får storparten av produktet, medan andre er eigedomslause, jobbar og får den minste luten av produk-

tet. Ingen — eller alle — «eig» produksjonsmiddel og produksjonen. Dermed er ingen herre og ingen træl heller, ingen er kapitalist og ingen — eller alle — er «arbeidarar».

Det finst ikkje sosiale skilje mellom kjønna, fordi alle har same stilling i samfunnet i høve til produksjonen. Borna er sjølvstendige medlemmer av samfunnet med krav på livsmidlar og omsorg frå det. Det finst ikkje lenger skilje mellom åndsarbeid og kroppsarbeid, av di ingen må vera bunden til manuelt arbeid heile livet. Kunnskap og kulturgode er tilgjengelege for alle, og alle får høve til å utvikla sine evner. Det finst ikkje lenger djupe skiljeliner mellom by og land, fordi dei har dei same økonomiske og kulturelle utvegane alle stader.

Det finst ikkje pengar lenger, heller ikkje ein marknad og varer. Produksjonen vert styrt av målingar av kva folk treng, ut frå diskusjonar og vedtak gjorde av samfunnsmedlemmene sjølve. Fordelinga skjer til dei som har behov, utan at dei må levera noko i byte for det dei får. Dermed får pengar, marknad og verdi ikkje lenger noka mening, på same måten som dei i dag kan vera utan mening når vener hjelper einannan utan betaling.

Det er ikkje lenger nokon stat som sikrar makta åt hersarklassen og undertrykkjer dei som arbeider. Det er ikkje turvande fordi det ikkje finst klassar. Det trengst ikkje noko byråkrati utanfor produksjonen, fordi produsentane administrerer det nødvendige sjølve. Undertrykking mellom menneske i samfunnet eksisterer ikkje lenger.

Det er ikkje statsgrenser mellom landa heller. Dette fordi det ikkje lenger finst økonomiske na-

sjonale interesser, ingen konkurranse om råvarer og marknader, ingen herskarnasjonar og koloniasjonar.

Det er ikkje grunnlag for krig, fordi den økonomiske konkurransen som skaper imperialistiske røvarkrigar er avskaffa. Dinest fordi klasseundertrykkinga som fører til opprør og frigjeringskrigar er borte for godt.

Kommunismen er ei samfunnsform der menneska disponerer ressursane sine samla og ut frå sams interesser: lufta, jorda, vatnet, det levande livet, energien, mineralane, produksjonsutstyret, kunnskapane.

I dette samfunnet er det *likskap* i den meininga at:

- utbyttinga og undertrykkinga av menneska seg imellom er slutt,
- det finst ikkje klasseskilje meir,
- alle har likt *høve* til utvikling.

Dette er ikkje ein likskap som reduserer kvar einskild samfunnsmedlem til ein viljelaus maur. Det vil seia like sjansar til *fri utvikling* på grunnlag av dei *ulike* evnene kvar av oss har. Dette vert råd å få til, av di det finst eit samfunnsoverskot og ei frigjerung frå det rutineprega arbeidsslaveriet. Dette gjer at alle kan få dei *same* sjansane til trygge livsvilkår, allsidig arbeid og kulturgode. Alle kan då fritt få velja korleis dei vil forma livet sitt sjølve.

Kommunismen er nødvendig og mogeleg

Det høgt utvikla kommunistiske samfunnet er ikkje noko uopnåeleg ideal.

Utviklinga syner klarare for kvart år som går at ei slik omorganisering av verdssamfunnet er meir og meir *nødvendig* for å få løyst dei mest brennande problema menneska har her på jorda.

Naturøydeleggingar, krig og stadig djupare elende for fleirtalet må avskaffast. Kapitalismen og imperialismen gjer desse problema berre meir vonlause. Det historisk nødvendige alternativet er ei kommunistisk omorganisering av heile menneskesamfunnet.

Utvikling av vitenskap og teknologi viser også at eit slikt kommunistisk verdssamfunn held på å *bli noko av*. Det vert utvikla former for produksjon som *kan* skapa nok av alt det mest naudsynte til alle på jorda. Dette skjer med minimal bruk av arbeidskraft, liten verknad på natur og miljø og effektiv spreiding av kunnskap til alle i samfunnet. At dette *blir mogeleg* er sjølvsagt ikkje det same som at det *skjer*. For at det skal *skje*, er det turvande med ein sterk kamp om *kven* som skal bruka teknologien og vitenskapen, og *korleis*. Men *når* desse utvegane finst, så dreiar denne striden seg heller ikkje lenger om uopnåeleg draumeslott, men om *noko som er realistisk og kan bli til røydom*.

Det høgt utvikla kommunistiske samfunnet vert ikkje noko fullkome himmerike på jord.

Når vi kan oppfatta det såleis, er det fordi vi uvilkårleg tek vår eiga tid som målestokk. Vi godtek vår tids meningslause organisering av samfunnet som noko normalt. Det same gjeld nauda og brutaliteten som dominerer verda i dag. Dermed godtek vi også det perspektivet at slike forhold aldri kan avskaffast, og at verda heller ikkje kan endrast til det betre.

Men vår tids kapitalistiske samfunn vil verta

kasta på skraphaugen til fordel for eitt som er meir fornuftig organisert. Alle problema vert ikkje dermed løyste der. Det vil framleis finnast motsetningar som vil driva menneskesamfunnet frametter: mellom nytt og gammalt, rett og gale, klostskap og dumskap. Det som *vil* vera avskaffa, er kjeldene til problema vi opplever som mest brennande. Tida med *klasseskilje og klasseundertrykking* på jorda er dermed slutt. Og menneskesamfunnet kan gå over til eit nytt stadium i den utviklinga som aldri vil ta ende så lenge menneske er til.

Vegen fram til kommunismen: sosialistiske revolusjonar

To ting må til for at ei ny kommunistisk verdsordning skal oppstå. *Først* må kapitalistane og imperialistane i heile verda veltast. *Så* må verda gå gjennom ein periode med sams økonomi og politisk utvikling som skaper grunnlaget for kommunismen.

Men kapitalismen utviklar seg ujamt. Kriser som kan føra til revolusjon, kjem til ulike tider i ymse land. Difor skjer kvar revolusjon i eitt land eller ei avgrensa gruppe land.

I kvart land som står åleine er det ikkje råd å skapa eit høgt utvikla kommunistisk samfunn. Det som er mogeleg, er å skipa sosialistiske samfunn som avskaffar den kapitalistiske utbyttinga og tek dei første stega i kommunistisk retning.

Opgåva for den proletariske verdsrevolusjonen no er difor å gjennomføra sosialistiske revolusjonar i einskildland. Seinare, når desse revolusjonane har vunne fram i store delar av verda, kan desse landa i lag ta til med å førebu overgangen til den høgt utvikla kommunismen.

Særdrag ved det sosialistiske samfunnet

Sosialismen er eit nytt samfunnssystem. Dei historiske røynslene er difor avgrensa. Den teoretiske framstillinga av det sosialistiske samfunnet er ikkje ferdig utvikla.

Sosialismen utviklar seg på grunnlag av det samfunnssystemet som finst før revolusjonen. Eit samfunn kan ha høgt utvikla kapitalistisk økonomi og borgarleg demokrati, medan eit anna er merkt av føydal økonomi og mellomalderdiktatur. Sosialismen i to slike land vert nokså ulik.

Mange ulike borgarlege regjeringar kallar seg sosialistiske. Dette skaper stor forvirring kring sosialismen. Det gjeld også tidlegare sosialistiske land, der kapitalismen har kome seg opp att. Dette er ein borgarleg taktikk som har vorte vanleg, fordi sosialismen er blitt svært populær i verda, medan forståinga for korleis han ser ut i røynda er lita.

Dette er nokre fellestrekk som er typiske for verkelege sosialistiske samfunn, same kva utviklingsnivå dei står på, og som skil dei frå falsk sosialisme:

— Diktaturet til borgarskapet blir kasta og erstatta med proletariats diktatur. Alle tidlegare former for statsmakt er *i innhaldet* uttrykk for overklassens mindretalsdiktatur over det arbeidande folket. Dette gjeld anten dei så er formelt demokratiske eller ope diktatoriske *i forma*. Denne overklassestaten blir erstatta med *ei ny form for statsmakt*. Denne nye makta tener det arbeid-

dande fleirtalet og held mindretallet av gamle utbyttrarar nede. Historisk må denne staten utviklast vidare, slik at dei som arbeider tek meir og meir del i alle slags demokratiske avgjerder. Arbeidsfolka tek også del i den direkte administrasjonen av samfunnet og sine eigne liv, medan byråkratiet utanfor produksjonen lyt kontrollerast og skjerrast ned.

— Den kapitalistiske utbyttinga blir avskaffa. Dei viktigaste produksjonsmidla tilhøyrer ikkje lenger private, men vert sams eigedom for det arbeidande folket. Kor snøgt dette skjer, om felleseigedommen blir stats- eller gruppeeigedom osv. er avhengig av dei særegne forholda i kvart land. I somme land kan det skje raskt, i andre land må både privatkapitalistisk drift og småproduksjon halda fram i lang tid. Det viktige er ein målmedviten økonomisk politikk med dette som mål.

— Det vert skapt ein sosialistisk planøkonomi på grunnlag av makta over staten og dei viktigaste produksjonsmidla. Ei planmessig utvikling av økonomien i heile samfunnet gjer det mogeleg å skapa ein kraftig vokster i produksjonen. Føremålet med denne produksjonsvoksteren er å stetta stadig betre dei aukande materielle og kulturelle behova til heile samfunnet. Det er behova til folket som skal styra produksjonen, ikkje kapitalistisk profitt. Det langsiktige målet er å leggja det materielle grunnlaget for å oppheva klasseskilja og skapa føresetnad for eit kommunistisk samfunn.

Planen skal gi uttrykk for dei verkelege behova folket har. Difor er det nødvendig at arbeidarar og andre utanom dei administrative leiarane i staten og økonomien i stadig større grad tek del i å forma ut og leia planen. For å skapa ein vitskapleg plan som tener interessene åt arbeidarklassen, er det nødvendig å ha politisk fridom og demokrati. Einast då vert det råd å summera opp røynsle, læra av feil og fatta rette vedtak. For sosialismen skaper føresetnadene for å utvikla ein sosialistisk planøkonomi, men ein rett plan kan berre utvikla seg gjennom politisk kamp.

— Produksjonen under sosialismen vil frå starten av fordelast slik at ein del vert sett av til sams behov som statsutgifter, nyinvesteringar i produksjon, reservefonds osv. Ein del vert fordelt gjennom sosiale fellestiltak som helsevesen og skulevesen, og ein del vert fordelt som varer folk kan kjøpa for det dei får i løn.

Sosialistisk planøkonomi tyder at dei nødvendige investeringane frå samfunnet ikkje svinger med profitten, men skjer ut frå dei sams og langsiktige interessene i samfunnet. Sosialistiske samfunn vil i så stor grad som økonomien tillet det, styrka fordelinga gjennom dei viktigaste fellestiltaka som tar seg av skule, helse, pensjonistar osv. Dei vil ikkje la desse sektorane lida av mangel på nødvendige middel, slik som det skjer tilmed i høgt utvikla kapitalistiske land.

Løna vil styrast av prinsippet «til einkvar etter arbeid». Skiljet mellom slikt som i dag er svært høgt gasjerte sjefsjobbar og hardt lavtlønsarbeid vil dimed verta kraftig minska. Målet er å koma fram til eit samfunn der samfunnsmedlemmene arbeider etter evne og tek imot etter behov. I høgt utvikla og rike land kan det vera råd å gå raskt i leia med å trekkja viktige delar av produksjonen

ut av varesirkulasjonen og i staden fordela produktet etter behov.

— Den nye proletariske statsmakta, felleseigedommen og planøkonomien gjer det råd å arbeida målmedvite for å bryta ned klasseskilja. Å styrka dei sosiale fellestiltaka og minska dei store lønsskilja verkar med til det.

Det økonomiske grunnlaget for full kvinnefrigjerung vert lagt ved å oppheva privateiget av produksjonsmidla, sosialisera husarbeidet og ved at samfunnet tek ansvar for borna.

Auka kunnskapsnivå legg grunnlaget for å minska skiljet mellom intellektuelt arbeid og anna arbeid.

Statsapparatet og den økonomiske administrasjonen vert demokratisert, og arbeidarar og andre underordna tek del i planlegging, leing og kontroll av byråkratiet. Dette kan gradvis bryta ned arbeidsdelinga mellom dei som administrerer og dei som vert kommanderte.

Alt dette føreset at produksjonsmidla vert utvikla og at det samla samfunnsmessige overskotet aukar planmessig. Dette kan igjen skapa det økonomiske grunnlaget for at produksjonsmidla, institusjonane og tenkinga i samfunnet vert revolusjonerte vidare.

Samstundes føreset det politisk kamp frå arbeidarklassen og det arbeidande folket mot borgarleg politikk og borgarleg tenking. Utan ein kontinuerleg klassekamp i politikken og ideologien kan ikkje arbeidarklassen og folket nytta ut dei utvegane den sosialistiske økonomien skaper til å utvikla han vidare frametter mot den høgt utvikla kommunismen.

Revolusjonane mot kapitalismen og imperialismen fell i to hovudgrupper, ut frå den indre utviklinga i dei ulike landa og tilhøvet deira til imperialismen.

Sosialistisk revolusjon med ein gong er oppgåva for proletariatet i somme høgt utvikla kapitalistiske land. Der er proletariat og borgarskap hovudklassane og det finst høgt utvikla samfunnsmessige produktivkrefter.

Nydemokratisk revolusjon er eit nødvendig førstadium for sosialismen i svært mange av landa i den 3. verda. I nokre land står føydalismen enno sterkt. Andre har underutvikla kapitalisme med føydale restar. Eit fleirtal er økonomisk og politisk undertrykte av imperialismen. Her må revolusjonen først frigjera landet frå imperialismen, få bort føydalismen og utvikla økonomien. Ein slik revolusjon av arbeidarar, bønder og småborgarskap, *kan vinna støtte frå nasjonale kapitalistar* som er underkua av imperialismen. Først når revolusjonen har løyst desse oppgåvene og samfunnet har utvikla seg ei tid, kan slike revolusjonar gå vidare og skipa sosialismen.

Når revolusjonar vinn fram i nye og ulike land, står dei nyskipa samfunna fram i mange heilt nye og ulike former. Det viktige her er ikkje om dei følgjer eit skjema som er kjent frå historia før, men om dei røynleg avskaffar den kapitalistiske utbyttinga og tek konkrete steg på vegen fram mot den høgt utvikla kommunismen.

Sosialisme som ei overgangsform mellom kapitalisme og kommunisme

I det sosialistiske samfunnet finst det fullt opp av

motseiingar. Det er gale å sjå på dette samfunnet som harmonisk og stabilt.

Når det sosialistiske samfunnet vert skipa, finst det framleis klassar, både proletariat, borgarskap og småborgarskap. Sidan produksjonen enno ikkje er høgt utvikla, er det vanlegvis turvande å halda fram med lønsarbeid, ein marknad og pengar for å fordela somme av produkta. Arbeidsdelinga i samfunnet gjer at det framleis er stor skilnad på arbeidar og intellektuell, på folk med rutinejobbar og dei som har kommandopostane i byråkratiet. Det finst framleis ein stat. Det finst borgarleg ideologi. Det finst sterke objektive motsetningar og klassekamp.

Dei fleste sosialistiske landa til no har hatt ringe økonomiske føresetnader på grunn av underutvikling og krigsskader. Trass i dette er røynselene med sosialismen strålende. Over ein milliard menneske har vorte frigjorde frå svolt, og dei har fått skulegang og helsestell, som eit resultat av sosialistiske revolusjonar. Dette viser kor store ressursar som finst dersom sosialismen vinn fram på større delar av jorda.

Det har også skjedd dårlege ting. Grove feil i økonomien har gjort skade. Overgrep og brotsverk har skjedd i sosialistiske land. Dette er eit resultat av dei store motsetnadene under sosialismen, av klassekampen som utviklar seg der. Ifølgje sitt eige vesen er sosialismen eit overgangssystem mellom kapitalismen og den framtidige høgt utvikla kommunismen. Kampen mellom kapitalisme og kommunisme er ikkje avgjort når sosialismen er skipa. Dei fleste sosialistiske landa fram til no har utvikla seg attende til kapitalismen. Slike atterslag er typiske når ei ny samfunnsform bryt gjennom, og dette kan ta seg opp att i framtida med.

Det er nødvendig å læra av både dei gode og dei ringe erfaringane, for å utvikla den teoretiske forståinga av det sosialistiske samfunnet. Eit slikt teoretisk arbeid er naudsynt for at arbeidarklassen skal kunna utnytta dei opne utviklingsvegane som ligg i det nye samfunnssystemet. Såleis kan ein også klara å stri mot dei sidene som har ført til forfall attende til kapitalismen.

Røynselene frå sosialistiske revolusjonar

Meir enn 100 års røynsle viser at *overgangen frå kapitalismen til sosialismen* er svært vanskeleg. Vi vil særleg peika på dette:

Revolusjonen i kvart land må vera folkehopane sitt eige verk

Revolusjonar kan ikkje eksporterast, importerast eller leiast frå noko internasjonalt sentrum. Det let seg ikkje gjera for eit mindretal å tvinga dei ned over hovuda på folkehopane ovanfrå. Sosialistisk revolusjon kan det berre bli i eit land når folket sjølv ønskjer det.

Revolusjonen krev ei revolusjonær krise i det rådande systemet

Når det vert uråd for dei herskande å styra som før, når dei som arbeider ikkje kan leva som før, og ei masserørsle som stadig veks fram dreg med seg fleirtalet i kampen, då vert revolusjonen ein mogeleg utveg. Ein slik situasjon kan berre skapast av utviklinga av kapitalismen sjølv. Han kan ikkje tryllast fram av sterke ønske eller provosert fram av terror frå ei smågruppe.

Revolusjonen krev leiing, organisasjon og førebuing

Jamvel om den revolusjonære krise er der, sigrar ikkje revolusjonen av seg sjølv. Det trengst eit revolusjonært kommunistisk parti, ein breiast mogeleg einskapsfront mellom så mange klassar som råd, organisasjonar og parti. Dessutan lyt det vera ei revolusjonær våpenmakt som kan vinna over våpenmakta åt herskarane. Dersom dette ikkje er til stades og revolusjonen vantar ei god leiing, så tek herskarklassen makta igjen når krise er over.

Parlamentsval kan ikkje koma i staden for revolusjon

Dersom eit fleirtal røystar for sosialisme ved val, så avskaffar herskarane parlamentet og undertrykkjer fleirtalet med vald. Arbeidarklassen må vera villig til å forsvara sosialismen med våpenmakt. Det er ikkje fordi sosialismen er udemokratisk, men av di *kapitalistane* aldri vil bøya seg for flertalsviljen.

Sosialisme veks ikkje fram av kapitalistisk statsdrift

Statsdrift som vil seia utbytting av arbeidarar og meir pengar til dei rike, er *kapitalisme*. No gjer den kapitalistiske utviklinga sjølv at staten får ei stadig større rolle. Om dette skapte sosialisme, så ville mange kapitalistiske land vera sosialistiske i dag! Røyndeg *sosialistisk* statsdrift er styrt og leia av arbeidarklassen for å stetta folket sine behov. *Då krevst det òg at arbeidarane har statsmakta først.*

Revolusjonen kan ikkje koma ved utanlandsk invasjon.

Sosialisme betyr at folket sjølv tek kontroll over staten og økonomien. Dersom ein invasjonshær undertrykkjer folkehopane, kan dei sjølv sagt ikkje forma om staten og økonomien etter sin vilje. Det einaste ein invasjonshær kan skapa er fascisme, imperialism og klasseundertrykking som ein dekkjer med snakk om sosialistisk revolusjon.

— Supermaktene trugar sjølvstendet og dei demokratiske rettane til alle landa i verda. Mange folk lever under fascisme og utanlandsk okkupasjon. Imperialismen underkuar eit fleirtal på jorda, som svelt, blir torturert og lever i krig. Dette fleirtalet lever utan menneskerettar. Sosialismen føreset frigjering for nasjonane og at folkehopane fritt er med i det politiske livet. Sosialismen treng demokratiske rettar og menneskerettar for å utvikla seg. Imperialismen trakkur på nasjonalt sjølvstende, demokratisk fridom og menneskerett. Den aggressive supermakta Sovjet framstiller jamvel dette som særskilt «revolusjonært» og «sosialistisk»! Utan atterhald må den sosialistiske revolusjonen difor skriva på si fane at han er *ein revolusjon for nasjonal frigjering, demokrati og menneskerett!*

3. kapittel

KAMPEN MOT SUPERMAKTENE OG KRIGEN

Kreftene må samlast mot dei to supermaktene

Den viktigaste kjelda til reaksjon i verda er dei to imperialistiske supermaktene Sovjet og USA. Dei hindrar at svolt, underutvikling, fascisme og krig vert uttrydda, og er det største hinderet for revolusjon og framsteg i verda.

Kampane som utviklar seg i ulike land og verdsdelar har ulike former og ulike nære oppgaver. I somme land er det revolusjonær frigjeringskrig. Somme har fascisme, andre borgarleg demokrati. Nokre er prega av elende og ekstrem krise. I somme land dominerer kampen mot utanlandsk imperialism, i andre mot den indre herskarklassen.

I verdsrålestokk må likevel desse kampane samla seg slik at dei dreg i same leia. Dei må retta seg mot dei to supermaktene. Den farlegaste og mest aggressive av dei to no, er Sovjet. Sovjet er også særskilt farleg fordi sosialimperialismen har greidd å trengja seg inn i arbeidarorganisasjonar og frigjeringsrørslar og gjera dei til sine reiskapar. Når dei andre imperialistane går tilbake, går Sovjet difor fram. Samstundes er USA-imperialismen framleis ei svært sterk og farleg makt. At Sovjet går fram og USA attende, gjer ikkje at det er nokon grunn til å lata vera å vakta på USA. Vi må også halda fram med å stø dei som kjempar mot USA-imperialismen.

Det trengst ein brei internasjonal einskapsfront mot Sovjet og USA. Hovudstønad for ein slik front finn vi i den kampen folkehopen i den 3. verda fører mot imperialismen. Denne striden må også omfatta flest mogeleg i dei kapitalistiske landa og i dei to supermaktene sjølve. Fronten må samla frigjeringsrørslar og nasjonale parti i den 3. verda, arbeidarorganisasjonar og anti-imperialistar i dei kapitalistiske landa og opposisjonsgrupper i dei landa Sovjet rår over. Det er også bra om regjeringar i den 2. verda stø ein slik front i einskildsaker eller heilt ut.

I ein slik front er det råd å samarbeida med mange ulike krefter. Det er råd å gå saman med austuropeiske opposisjonelle mot Sovjet og med latinamerikanske nasjonalistar mot USA, sjølv om dei ikkje har ei klar haldning til andre spørsmål. Somme regjeringar undertrykkjer sine egne folk, men tar samstundes stilling mot supermaktene. At dei går mot supermaktene er bra og bør få støtte. Om folket gjer opprør og set inn ei revolusjonær regjering, er det betre og bør sjølv sagt også støttast. Å utvikla fronten mot Sovjet og USA står ikkje i motstrid til å utvikla klassekampen i kvart einskilt land. Det er arbeidshopane som må vera hovudkrafta, og dei utviklar sin politiske styrke ved å utvikla klassekampen.

Den mest effektive måten å utvikla denne fronten på no er å styrka det konkrete støttearbeidet for dei folka som til eikvar tid står i fremste rekkje i kampen mot imperialismen. I 1983 vil dette mellom anna seia frigjeringsfrontane i Kampuchea, Afghanistan, Eritrea, Palestina, det sørlege

Afrika, Sentral-Amerika, Solidaritet i Polen. Desse kampane bind kreftene til supermaktene og gjer dei veikare. Dineist er dei føredøme for andre og oppmodar til motstand andre stader.

Skal denne fronten utviklast vidare, er det viktig at dei mest medvitne og anti-imperialistiske kreftene styrkjer kontakten seg imellom. Revolusjonære parti og regjeringar, frigjeringsorganisasjonar, fagforeiningar, kjempande intellektuelle, anti-imperialistar og demokratar over heile verda må derfor samarbeida og stø kvarandre.

Dei kapitalistiske landa i den 2. verda er også truga av dei imperialistiske supermaktene. I desse landa er det særleg viktig å utvikla den anti-imperialistiske solidariteten med dei undertrykte folka og med dei som vert utsette for rasisme og sjåvinisme i dei utvikla landa sjølve. Anti-imperialistane må kjempa mot imperialismen til borgarskapet i sitt eige land. Samstundes må dei kjempa for å styrka viljen og evna til å forsvare landet sitt mot dei imperialistiske supermaktene. Dette er ein nødvendig del av kampen om kva for veg arbeidarklassen i dei imperialistiske landa skal gå: gå saman med fleirtalet på jorda i den 3. verda, eller verta reiskap for imperialismen mot den 3. verda og mot sine egne verkelege interesser.

Kampen mot krigen — kampen dersom krigen bryt ut

Faren for ein tredje verdskrig aukar. Dei lokale krigane breier seg og vert fleire. Kamp mot krigen vert eit brennande spørsmål.

Imperialisme betyr krig. Så lenge imperialistmaktene slåst mot einannan om å plyndra verda, vil det bryta ut stadig nye krigar. Imperialistane går til åtak. Undertrykte nasjonar går til frigjeringskrig. Folk reiser seg mot fascismen, arbeidane gjer revolusjon mot naud og utbytting. Skal vi få bort krigane, lyt vi difor avskaffa imperialismen og kapitalismen i heile verda.

Sjølv om krigar kjem til å bryta ut omatt og omatt så lenge det finst imperialism, så er det råd å stogga ein konkret krig. Dersom kreftene er sterke nok, så kan dei tvinga ei åtaksmakt til å la vera å starta krig eller dra seg attende. Men då krevst det at ein skjønar årsakene til krig.

Krigar er uttrykk for sterke økonomiske interesser. Dei lokale krigane no er eit resultat av at Sovjet og USA utløyser og stø krigar for å forsvare dei imperialistiske interessene sine. Dette kan også føra til ein 3. verdskrig.

Kampen mot ein 3. verdskrig må difor rettast mot dei som set krigar i brann: supermaktene Sovjet og USA. Ei såkalla fredsrørslar som løyner kven som er ansvarleg for å skapa krigen og berre «går mot krig allment», jamstellar i praksis angripar og offer og skader kampen for fred. Ei verkeleg fredsrørslar må konsentrera seg om å samla krefter som kan tvinga supermaktene til å gi opp erobringsplanane sine. Det gjeld i dag særskilt Sovjet, som er den største aggressoren av dei to. Ein ny München-politikk som gir etter for

presset frå supermaktene vil ikkje skapa fred, men berre gi dei som går til åtak blod på tann. Sovjet freistar blanda seg inn i fredsrørsla og vri ønskja folk har om fred over til støtte for ettergivnad og utpressing. Dei som verkeleg ønskjer fred må kjempa mot dette.

Ei rørsle mot imperialismen sine krigar må ta stilling og stø frigjeringskrigane i den 3. verda. Hovudproblemet for verdas folk i dag er undertrykkinga og svolten i den 3. verda. Den viktigaste fronten mot imperialismen går der, og frigjeringskrigane i den 3. verda er den krafta som råkar imperialismen hardest. Dei verkar mot ein storkrig som vil trekkja inn storparten av folkesetnaden i verda. Eit nederlag, t.d. for Sovjet i Afghanistan, gjer det vanskelegare å setja i gang nye kolonikrigar og ein storkrig.

I Europa står dei største konsentrerte militærstyrkane oppmarsjerte. Sovjet kontrollerer dei fleste landa i Aust-Europa, og trugar med å gå til åtak og okkupera Vest-Europa. På den andre sida av grensa mellom aust og vest står USA. Folk i Europa fryktar ein ny storkrig. Folk i Europa kan verta ei kraft som hindrar at ein slik krig bryt ut, dersom dei går mot supermaktene. Dei må stø kampen for sjølvstende, mot sovjetisk undertrykking av landa i Aust-Europa, og motstanden mot sovjetisk aggresjon overalt i verda. Dei må krevja styrkt forsvarsevne mot den mest sannsynlege angriparen, Sovjet, og på same tid kjempa mot at Vest-Europa blir ein reiskap for den andre supermakta, USA. Dersom fleire land i Europa vert «finlandisert» og gir etter for sovjetisk press, så aukar det faren for krig. Om statane i Aust- og Vest-Europa tar ei sjølvstendig stilling mot både Sovjet og USA, vert det vanskelegare for supermaktene å nytta Europa som slagmark.

Det er viktig å krevja at supermaktene rustar ned, reduserer dei konvensjonelle styrkane sine og lagra av A-, B- og C-våpen.

Supermaktene utviklar særskilte våpenslag og doktrinar til bruk for folkemord. Atomopprustinga til dei to supermaktene trugar alle folk på jorda. Sovjet nyttar kjemiske våpen i mange land. Folkemord skjer med konvensjonelle våpen og med medvite bruk av hungersnaud.

Det er nødvendig å reisa kampen mot folkemordet supermaktene gjer seg skuldige i. Vi har ikkje illusjonar om at folkemord og A-, B- og C-våpen kan verta avskaffa berre ved hjelp av protestar. Det kan einast skje ved at imperialismen vert avskaffa. I mellomtida er det viktig å mobilisera størst mogeleg motstand mot folkemord for så langt som råd å minska omfanget av det i krigane no.

Det er supermaktene som skaper krig. Krav til nedrusting må difor rettast til supermaktene, og ikkje til frigjeringsrørslar og land som vert angripne og truga av supermaktene. Dersom frigjeringsrørslar gjev opp striden eller sjølvstendige land som er truga av supermaktene rustar ned, styrkar det supermaktene og gjer faren for krig større.

Når krig bryt ut, må vi skilja mellom rettvis og urettvis krig. Imperialistiske åtakskrigar er urettvise. Anti-imperialistiske forsvarskrigar er rettvisse. Borgarkrigar og masse mord frå fascistar er urettvise. Opprør frå antifascistar og revolusjonar frå undertrykte fleirtal er rettvisse.

Om ein 3. verds krig skulle bryta ut, med dei katastrofale følgjer det vil få, finst det berre ein utveg. Det er å kjempa for fridom mot imperialistiske åtak og okkupasjon, mot fascisme og folkemord. I Europa og andre stader der imperialistane går til åtak, vert oppgåva å reisa folka til frigjeringskrig. Dei må føra ein langvarig krig for å vinna nasjonal frigjering og demokrati, og kjempa for revolusjon mot kapitalisme og imperialism. Berre slik kan dei leggja imperialismen i grava for alltid og gjera parolen «Aldri meir krig» til røyndom.

Stoda i verda er farleg. Framtida ser mørk ut, og særleg gjeld det Europa. Det store fleirtalet i alle land i verda har i røynda felles interesse av å snu den utviklinga som er i gang. Arbeidarane i statane som går til åtak og statane som vert angripne, i rike og fattige land, mindre imperialistmakter og koloniar, må gå saman om det skal bli mogeleg. Mot den trugande faren for krig reiser vi den gamle parolen til dei revolusjonære kommunistane: **Arbeidarar og undertrykte folk og nasjonar i heile verda, gå saman!**

KAMPEN FOR EIT SOSIALISTISK NOREG

5. kapittel

SOSIALISTISK REVOLUSJON I NOREG

Ein revolusjonær situasjon vil oppstå i Noreg

Den store historiske oppgåva for den norske arbeidarklassen er å velta kapitalismen og skapa eit sosialistisk samfunnssystem i Noreg.

I dag (1983) er det norske kapitalistiske systemet enno svært stabilt og den norske kapitalistklassen har enno stor makt. Eit fleirtal i arbeidarklassen og folket oppfattar det ikkje som brennande nødvendig å kasta kapitalistklassen. Berre eit mindretal skjønar reint teoretisk kva ei slik samfunnsomvelting krev.

Så lenge styrkeforholda mellom klassane i Noreg er slik, er det ikkje mogeleg med nokon overgang til sosialismen. Dei som seier at det ut frå desse økonomiske og politiske forholda finst ein metode for å erstatta kapitalismen med sosialismen, held folk flest for narr. Slike idear fører til reformisme eller kuppmakeri.

For at det skal bli råd å styrta kapitalismen i Noreg, må heile systemet først vera inne i ei særskvass krise. (Om den revolusjonære krisa, sjå kapittel 3.) Først når ei slik krise veikjer kapitalistklassen og gjer at eit fleirtal av folket kjenner det turvande å skapa eit anna samfunn, blir det råd å få til ein overgang til sosialismen i Noreg.

Dette er ein situasjon som er heilt ulik stoda i Noreg nett no. Men vi kan likevel sjå at i dette samfunnet finn vi kimen til ei ovstor endring av den sosiale og politiske situasjonen. Motsetningane i Noreg sjølv peikar i retning av slike ovstore kriser i dei tiåra som kjem. Den snøgge utviklinga av krisa i heile det kapitalistiske verdssystemet vil dinest heilt sikkert forplanta seg til Noreg med. Såleis vert utviklinga av det norske samfunnet påverka. Eit stort samanbrot i verdso økonomien eller ein storkrig vil på stutt tid forandra situasjonen i Noreg totalt. Vi slår difor fast at situasjonen med styrke og stabilitet for det kapitalistiske systemet i Noreg, før eller sidan er nøydd til å slå over i ein situasjon der krise og veikskap rår.

Føresetnader for ein sosialistisk revolusjon

Korleis den revolusjonære krisa vil oppstå og kva for former ho vil få, avheng av dei økonomiske

og politiske forholda ho oppstår under og den internasjonale stoda. Det har derfor ikkje noko for seg å spå korleis den revolusjonære krisa vil utvikla seg i detalj. Det vi *kan* seia om overgangen til sosialismen i Noreg, byggjer på ein del allmenne historiske røynsler.

Revolusjonen i Noreg må tuftast på fleirtalet av folket,

det vil seia: arbeidarklassen, fleirtalet av dei intellektuelle, fleirtalet av småbrukarar og fiskarar. Kor mange som ut over dette heilt eller delvis stor ein slik revolusjon, er avhengig av dei særeigne tilhøva når han bryt fram.

Revolusjonen må kunna forsvara seg mot militæratåka frå reaksjonen

Den norske kapitalistklassen vil gripa til våpen og prøva å drukna sosialismen i blod, dersom han trur det går. Europa er eit strategisk nøkkelområde for kapitalismen i verda. I Europa har Noreg ein viktig økonomisk og strategisk plass. Alle tidlegare freistnader på sosialistisk revolusjon i Europa har vorte møtte av utanlandske åtak. Det er derfor mykje truleg at det same vil skje her. Folket som vil innføra sosialisme i Noreg, må difor vera budde på å føra militær kamp for å sigra over våpenmakta til kapitalistklassen og utanlandske åtak.

Revolusjonen må vera førebudd og organisert

Det trengst eit kommunistisk parti, ein einskapsfront som omfattar alle klassar og grupper, parti, fagforeiningar og organisasjonar som vil kjempa for revolusjonen og ei organisert revolusjonær våpenmakt. Einskapsfronten må vera så brei som råd.

Revolusjonen treng internasjonal solidaritet

Sosialismen kan ikkje vinna fram i eit lite land som Noreg dersom mange fiendslege statar går saman om å slå oss ned. Difor treng ein revolusjon her stønad frå folka i andre land. Han må også utnytta motsetningane mellom andre statar for å hindra at dei slår seg i lag mot eit sosialistisk Noreg. Dette er mogeleg fordi revolusjonar i vår tid som regel bryt ut som ei følgje av store internasjonale hendingar. Dei kjem også ofte i ei rad

land samstundes, eller der krisa og masserørsla i det minste utviklar seg i mange land på same tid. For å vinna fram, må ein sosialistisk revolusjon i Noreg difor utnytte ei internasjonal krise og utvikla støtta frå arbeidarklassen og vensame folk mot imperialistisk innblanding.

Vanskar med å programfesta oppgåvene for den sosialistiske revolusjonen no

Overgangen frå kapitalisme til sosialisme er altså ikkje nær ved her i Noreg. Difor er det også umogeleg å gje ei presis skildring av korleis vi meiner dette norske sosialistiske samfunnet må vera.

Den økonomiske utviklinga gjer at både produksjonssystemet og tilhøvet mellom klassane truleg vil ha endra seg mykje før ei sosialistisk omveltning.

Tilhøva under den sosialistiske samfunnsomveltninga sjølv vil også få mykje å seia om landet føreåt er rasert av krise og krig, vil det nødvendigvis prega den første tida under sosialismen. Dersom overgangen kjem utan at landet først er øydelagt og har eit intakt produksjonsutstyr, er føresetnadene for rask økonomisk og kulturell utvikling også mykje betre framover.

Dessutan vil utsjånaden åt sosialismen til slutt bli fastsett av det dei klassane og politiske rørsle- ne som er med i revolusjonen meiner og ønskjer. Røynslene viser at den politikken som til sist vert sett ut i livet, er eit kompromiss mellom krava frå ymse retningar, bygd på økonomiske og politiske styrkeforhold i sjølve revolusjonstida.

Dette gjer at vårt program for sosialismen i Noreg ikkje kan skjønast som ein påstand om at sosialismen *må* bli akkurat slik. Programmet byggjer på den analysen partiet vårt har gjort av den økonomiske situasjonen og klassetilhøva no og det vi kan seia om utviklinga i nær framtid. Det gir uttrykk for vårt partisyn på kva vi meiner er ein *ønskjeleg* politikk for oppbygginga av sosialismen. Vi tek ikkje stilling til kva for *andre* krefter som vil koma med andre krav i revolusjonen og kva for kompromiss som kan bli nødvendige.

Med desse atterhalda legg vi fram politikken til AKP(m-l) for oppbygginga av sosialismen i Noreg, med hovudvekta på den første tida etter ein sosialistisk revolusjon.

Sosialistisk eigedom og planøkonomi

Grunnlaget for ei sosialistisk samfunnsomveltning i Noreg er oppbygginga av ein sterk sosialistisk økonomi.

Dei store private og statlege monopolverksemdene må gjerast om til *sosialistisk statseigedom*. Dette gjeld då dei dominerande delane av industrien, gruvedrifta og kommunikasjonsnett, store luter av handelen, bankar og finansinstitusjonar.

Dersom dette vart gjennomført i 1983, så ville det seia at det med eitt slag var skipa ein sosialistisk statssektor som omfatta ... prosent av industriproduksjonen, ... prosent av samla pengeinstitusjonar og finansverksemdar. Her kontrollerte ein også nøkkelsektorar i handelen med jordbruks- og fiskeriprodukt og forsyningar til jordbruk og fiske. I dette sosialistiske samfunnet har ein også styring med viktige delar av utanrikshandelen.

Ut frå tal i 1983 ville det seia at ... arbeidde i den sosialistiske statssektoren. Dette åleine vil bety at grunnlaget er lagt for ein overgang frå kapitalistisk til sosialistisk økonomi.

Den sosialistiske statssektoren må vi utvida til å omfatta statsmonopol på utanrikshandelen, og i *det minste* slik industri-, transport- og handelsverksemd som spelar ei nøkkelrolle i den organiserte samfunnsproduksjonen eller har militær innverknad.

Dette er bedrifter og verksemdar som har avgjerande innverknad når ein skal sikra det økonomiske sjølvstendet åt landet. Det er slike som legg grunnlaget for utvikling og utviding av produksjonen og lagar det folk treng. Det er difor uråd å la desse samfunnsgreinene bli verande i hendene på privatkapitalistar som vil driva butikken vidare eller la han bli liggjande nede, ut frå om det frå tid til anna løner seg for dei eller ikkje.

Det er også umogeleg å dela desse samfunns- greinene opp i lokale økonomisk uavhengige einingar, som planlegg, investerer og tevlar uavhengig av kvarandre. Det ville seia det same som å føra inn att det kapitalistiske anarkiet i produksjonen. Slikt gjer det umogeleg å sikra at økonomien i landet utviklar seg og tryggjer folks velferd.

Når det gjeld kapitalistisk eigedom utover dette, så må den økonomiske og politiske utviklinga avgjera kva som framleis skal vera privat og kva som bør gjerast om til sosialistisk eigedom. Det er klart at den langsiktige målsettinga er å gjera alle produksjonsmidla om til felleseigedom for heile samfunnet. Men det er også klart at det korkje er politisk eller økonomisk ønskjeleg å ta eigedommen frå småprodusentane og gjera han om til statseigedom etter revolusjonen.

Arbeidarane og dei arbeidande småprodusentane i jordbruk og fiske må samarbeida om å byggja sosialismen. Bøndene og dei aktive fiskarane som har eigen båt, driv ein produksjon som alt under kapitalismen er samfunnsmessig høgt organisert av staten, grossistar og organisasjonar. Dei må få ha jorda si og produksjonsmidla sine. Berre på lang sikt og heilt ut frivillig må dei få tilbod om å verta med i sosialistisk samyrke med denne eigedommen. Dette samyrket må byggjast på deira eige grunnlag og utvikling og ikkje tvingast på dei utanfrå. Det må tuftast på stønad frå den sosialistiske statssektoren, som klart viser dei som er med at det er til deira eigen fordel å gå denne vegen.

Vi vil gå inn for ei utvikling i tilsvarande former når det gjeld småhandel, liknande sjølvstendig, privat verksemd i byane og sjølvstendig arbeidande intellektuelle.

Kapitalistisk verksemd med mange tilsette må gjerast til sosialistisk statseigedom. Men det kan vera aktuelt å tillata privat drift i ei overgangstid. Det føreset i så fall streng kontroll frå arbeidarrør- organisasjonane og staten.

Når vi då har fått ein slik revolusjon i eigedomstilhøva, så er den kapitalistiske utbyttinga borte for det store fleirtalet i Noreg. Det er ikkje lenger noko lite mindretal som rår over det som vert produsert og lever høgt på arbeidet åt dei mange. Det er fleirtalet sjølv som i fellesskap disponerer over det dei produserer *med* og sjølve *produktet*. Saman kan dei bestemma over korleis

det vert brukt til beste for dei som arbeider sjølve.

Med rot i denne revolusjonen i eigedomstilhøva er det råd å skapa ein *sosialistisk planøkonomi*. Den kapitalistiske økonomien, der produksjonen vert fastsett av kvar kapitalgruppe ut frå det som gir størst profitt, blir erstatta av ein sosialistisk økonomi. Der vert heile samfunnsproduksjonen planlagd i fellesskap ut frå det folk treng.

Sosialistisk planøkonomi er noko nokså nytt i verda, og har aldri vore praktisert i slike land som Noreg. Det ligg viktige uløyste teoretiske problem her for korleis eit slikt system skal utviklast. Ved norske tilhøve støyter det i første omgang på to viktige hinder:

Noreg er avhengig av verdsmarknaden

Norsk økonomi er integrert i verdso økonomien. All produksjon i Noreg er prega av den internasjonale arbeidsdelinga. Viktige delar av norsk industri produserer for verdsmarknaden. Andre delar er avhengig av verdsmarknaden fordi norsk industri som dekkjer slik industri aldri har vorte bygd opp, fordi utanlandske produkt er billigare enn norske eller fordi einskilde produkt ikkje kan lagast i Noreg.

Det same vil henda i tida like etter at sosialismen er skipa. Dette legg grunnlag for økonomisk og politisk press mot Noreg. På andre sida er det korkje økonomisk mogeleg eller ønskeleg å vera heilt ut uavhengig av verdsmarknaden heller. Noreg er avhengig av å ha det mest utvikla av den teknologien og vitskapen menneska har skapt, til si eiga utvikling. Visse former for produksjon kan aldri utviklast her, og handel med utlandet kan føra til snøggare utvikling i Noreg.

Verdsmarknaden er kapitalistisk og utviklar seg difor spontant og ujamt. Sosialismen kan difor ikkje hindra at ein del av svingingane på verdsmarknaden forplantar seg til dei sektorane som er mest avhengige av slik handel og til resten av økonomien.

Det er uråd å planleggja alle detaljar i innanriks-økonomien

I ein høgt utvikla økonomi som den norske, finst det nokså mange varer og produkt som er heilt ulike. Det let seg ikkje gjera å planleggja i detalj kor store behova er for alle slags varer og produkt i mange år framover. Når det vidare gjeld fordelinga av alle desse produkta og varene fram til brukarane, så kan vi heller ikkje planleggja i detalj. Under kapitalismen bestemmer marknaden over produksjonen og fordelinga. Sosialismen kan ikkje gje rom for at marknadssvingingar rår over produksjonen av nødvendige varer. Det kan heller ikkje gjevast løyve til at mangel på kjøpekraft hindrar at arbeidsfolk får det dei treng mest, slikt som bustader, medisin osv. Sosialismen må altså avgrensa vareproduksjonen og marknaden med det langsiktige målet å avskaffa dei. På kort sikt er det likevel uråd for ein norsk sosialisme å greia seg utan omfattande vareproduksjon og marknad.

Det kan vera ei løysing i første omgang at ein deler produksjonen i ei avgrensa mengde viktige produkt. Der måtte då langsiktig planlegging vera mogeleg, og marknaden laut få regulera produksjonen av ei rad forbruksvarer og andre produkt. Her vil svingingar i behovet på marknaden kunna

fastsetja investeringane og utviding eller avgrensing av produksjonen innanfor visse rammer. Med dette kunne ein bestemma at marknaden og vareproduksjonen vart regulert av at dei ikkje får dominera.

På grunnlag av den sosialistiske planøkonomien vert det mogeleg å styra utviklinga av økonomien, slik at det litt etter kvart vert råd å gje folket eit tryggare og betre liv. Såleis vert det stadig meir vanskeleg å få kapitalismen på beina att.

Ei kraftig utvikling av produktivkreftene gjer det mogeleg å skapa store overskot. Dette gjer også at det sosialistiske samfunnet kan gje medlemene sine meir av det som trengst til den fysiske og intellektuelle utviklinga åt menneska.

Ei slik utvikling av produktivkreftene kan konsentrerast kring dei sektorane som er lettast å planleggja på lang sikt frametter. Det kan vera slikt som bygging av maskiner, utvikling av kommunikasjonar, utvikling av jordbruk/skogbruk, husbygging, skulegang, helsestell. Når vi tek i bruk det mest utvikla av moderne teknologi for produksjon og styring, er det mogeleg å auka produksjonen snøgt av det som trengst mest i desse samfunnsgreinene. Det gjer det mogeleg å registrera og planleggja behova åt menneska i samfunnet stadig betre. Såleis kan vi fordela meir etter behov utan å gå vegen om vareproduksjon og ein marknad med ein ukjend kjøpar.

Den sosialistiske revolusjonen kan ta i bruk og styra datarevolusjonen på ein heilt annan måte enn kapitalismen. Han kan styra produksjonen slik at det går med mindre arbeidskraft. Tungt, einsformig og skadeleg arbeid vert teke bort for godt. Sosialismen kan avgrensa sløsing med råstoff og energi. Han kan gjera miljøforsøplingane mindre og auka kvaliteten. Datarevolusjonen kan også nyttast til å auka kunnskapane åt menneska og styrka kjennskapen til alle sider ved produksjonen. Samleies kan datarevolusjonen auka all informasjon om samfunnet og betra kommunikasjonane mellom alle samfunnsmedlemmer. Under sosialismen treng ikkje datarevolusjonen føra til arbeidsløyse, økonomiske øydeleggingar og overvaking, slik som under kapitalismen.

Bruken av ny teknologi i nødvendig produksjon, distribusjon og administrasjon gjer at behovet for folk som arbeider vert mindre. Dermed kan sosialismen systematisk og planfast skapa nye arbeidsplassar i andre greiner av samfunnet der menneskeleg arbeid trengst. Dette gjeld slike område som helsestell, undervisning, kunst og kultur, omsorg for menneske, miljø og natur. Overskotet frå produksjonen (som tar form av mat, klede, hus, skulebøker osv.) finst. Det er berre kapitalismen som hindrar at dette overskotet vert brukt til å utvikla ting utanfor produksjonen, til fordel for heile menneskesamfunnet.

Utviklinga av økonomien gjer at alle kvinner får eige sjølvstendig arbeid og inntekt uavhengig av familien. Stadig meir av husarbeidet og heimearbeidet kan hushaldsmaskiner eller samfunnet ta seg av. Samfunnet tar ansvaret for barneoppedinga. Dette skaper det økonomiske grunnlaget for at kampen for full frigjering av kvinnene og full jamstelling mellom kjønna på alle samfunnsområda kan halda fram.

Overskotet og den nye teknologien gjer at sosialismen i stadig mindre grad treng vera avhengig

av at produksjon og kunnskap samlar seg i dei store byane. Alle delane av landet kan dermed få dei same økonomiske og kulturelle utviklingsvilkåra. Såleis kan sosialismen ta til å bryta ned skiljemurane mellom by og land.

Med aukande overskot får vi difor betre kontroll over produksjonen, auka vitskaplege kunnskapar og betre høve til å velja. Dette gjer at sosialismen kan satsa mykje på å verna om natur og miljø og hindra øydeleggingar der. Profitt for ein-skildkapitalistar er ikkje lenger ei drivkraft i utviklinga. Dermed kan sosialismen velja å utsetja eller gje opp somme prosjekt, som er til skade for fellesbaten i samfunnet, på grunnlag av planlegging og rekneskap med økologiske ressursar.

Nedsett arbeidstid og meir tilgang på informasjon gjer at det vert råd å gå laus på samfunnsarbeidsdelinga i produksjon og administrasjon. Dette gjeld både for tilhøvet mellom intellektuelle og kroppsarbeidarar, mellom dei styrande og dei som gjer rutinearbeidet.

Alt dette meiner vi er mogelege utveggar for ein sosialistisk økonomi i Noreg. Det vil ikkje seia det same som at alt dette kan gjerast med ein gong.

Om landet er herja, kan den første tida bli svært fattig. Men dette er ikkje noko som sosialismen skal ha skulda for, det er dei øydeleggjande krisene og krigane som er årsakene her. Og desse att er eit resultat av det kapitalistiske systemet.

Visse sider ved den norske levestandarden i dag er ei følgje av utbyttinga i den 3. verda. Somme former for varer og tenester (t.d. visse former for mat, kaffi og te, tekstilar, prisane på ferien i sør osv.) vil verta mykje dyrare her den dagen dei arbeidarane som produserer dette greier å tilkjempa seg eit levestandardsnivå som svarar til det nord-europeiske. I eit sosialistisk Noreg som ikkje er med på økonomisk utbytting, vil alt slikt difor nødvendigvis bli dyrare. Men dette vil før eller seinare skje same kva vi gjer. Det er då eit resultat av frigjeringsstridane i den 3. verda, sjølv om kapitalismen held fram her.

Samtidig gjer arbeidsløyse og krise at levestandarden i vår del av verda går ned. Når det gjeld hus, forbrukarelektronikk, sjukepleie, skulegang, reiser i Noreg osv., vil ein sosialistisk økonomi i Noreg, bygd på dei økonomiske føresetnadene her i landet *no* og utan utbytting av den 3. verda, *ikkje* bety nokon tilbakegang i høve til kapitalismen. Allment vil sosialismen føra til eit *betre* liv for det store fleirtalet av arbeidsfolk i Noreg på stutt sikt. Slik vil det bli jamvel om vi tek alle samfunnsområde med i reknestykket og attåt tek med kor viktig sosial tryggleik er for arbeid, bustad, helsestell osv.

På litt lengre sikt opnar sosialismen i Noreg for ei oppbløming av heile samfunnet. Alle samfunnsmedlemmene får personlege føremoner og ein utviklingsfridom som aldri før her i landet.

Proletariatets demokratiske diktatur

Det er det arbeidande folket som må leia utviklinga av den sosialistiske økonomien. Det er dei som då styrer gjennom den sosialistiske statsmakta. Det er folket som må bestemma korleis økonomien skal organiserast og kvar ein skal investera. Det er også dei som lyt finna ut korleis det skal prioriterast ut frå demokratisk diskusjon og demokratiske avgjerder.

Det gamle statsbyråkratiet som er bygd opp for å tena kapitalistane i Noreg, duger ikkje til dette. Dette byråkratiet er styrt av folk som er fast knytte til kapitalistklassen og fiendsleg innstilte til interessene åt det arbeidande folket. Det er difor turvande for den sosialistiske revolusjonen å oppløysa det gamle kapitalistiske statsapparatet og setja eit nytt revolusjonært statsapparat i staden. Dette nye statsapparatet skal tena interessene åt arbeidsfolk i landet.

Parlamentarismen er ei styreform som borgarskapet har utvikla. På eine sida førte han til verkelege framsteg i form av hemmelege og frie val, allmenn røysterett og andre demokratiske rettar. Men på andre sida tilslører han dei verkelege makttilhøva i samfunnet og gir folk ein illusjon av folkestyre, medan dei verkelege makttilhøva er skjulte. Den moderne norske parlamentarismen tilslører makta til bankane og monopola. Stortinget vedtek stadig oftare fullmaktslover som gir embetsverket vide fullmakter. Det same embetsverket er lojalt mot kapitalen. Det sikrar at vekslande fleirtal i Stortinget ikkje rokkar ved dei grunnleggjande interessene til borgarskapet.

Difor kan ikkje sosialismen ta over parlamentarismen som styreform. Sosialismen må halda fast ved hemmelege frie val og dei demokratiske rettane, men i staden for eit skinndemokrati må det vera eit verkeleg demokrati.

Dei folkevalde forsamlingane må i langt større grad vera ansvarlege for sine egne vedtak. Det må innførast arbeidarkontroll i statsbyråkratiet. Systemet må gje arbeidarklassen føremonar og diskriminera borgarskapet. Det må byggja på revolusjonære maktorgan som det arbeidande folket utviklar frå grunnplanet gjennom den revolusjonære kampen.

Den nye staten kan ikkje byggja på den gamle hæren, som er skipa for å forsvare makta åt kapitalistklassen og er organisert under leiing av USA. Det nye samfunnet må organisera ein ny hær, på grunnlag av dei væpna styrkane som har sikra sigeren for den sosialistiske revolusjonen. Denne hæren må organiserast slik at han har eit nært høpehav med vanlege folk. Hæren må også stå under kommando av folk som er lojale mot sosialismen.

Dette nye statsapparatet må bli ei ny form for stat. Medan alle tidlegare statsapparat i Noregs-soga har tent eit mindretal av utbyttrarar, så skal dette tena eit fleirtal av dei som arbeider. Det vil seia at *borgarskapsdiktaturet* vert erstatta med *proletariatets demokratiske diktatur*.

Den nye staten må vera verkeleg demokratisk, av di føremålet med han må vera å tena interessene til folkefleirtalet. Samstundes må han undertrykkja det mindretalet av utbyttrarar og agentar for utanlandsk imperialisme som kjempar for å ta frå fleirtalet makta og setja kapitalismen inn att. Dei må den nye staten utøva diktatur imot. Dette er ei motsetning og ein av vanskaner med utviklinga av statssystemet under sosialismen.

Etter at sosialismen er skipa i Noreg, finst det framleis klassar og klassekamp her i landet. Det kjem til å vera gamle privatkapitalistar og statsbyråkratar som har mist stillingane sine. Der vil også gjerne vera ein del mindre privatkapitalistar som framleis har eigeidom, og mange småprodusentar og intellektuelle utanom arbeidarane. Uli-

ke politiske retningar vil kjempa mot kvarandre i det norske samfunnet ut frå desse ymsande klasseinteressene. (Meir om klassekampen under sosialismen, sjå neste avsnitt.)

Vi vil også få ei samfunnsarbeidsdeling mellom administratorar og slike som gjer rutinearbeid, mellom dei som gir ordrar og dei som utfører dei. Sjølv om sosialismen avskaffar privat kapital, kan han ikkje rå bot med trongen for ekspertar og sjefar i produksjon og administrasjon. Slike folk har stor makt. Dette vil då seia at når det gjeld statsadministrasjonsforma og den økonomiske administrasjonen i produksjonen, så kjem dei enno ei tid til å likna mykje på dei som finst under kapitalismen. Mange av dei som har nøkkelposisjonar i desse byråkratia, kan også gjerne utvikla velvilje andsynes kapitalismen. Slike folk kan dermed bli rike herskarar i samfunnet.

Ut frå dette vil det finnast to former for samfunnsmotsetnader. På den eine sida motsetningar mellom klassar og grupper som støttar sosialismen, *motsetningar i folket*. På den andre sida motsetningar mellom folket og slike som ønskjer å få bort sosialismen og setja kapitalismen i herresetet att, *motsetningar mellom folket og fienden*.

Det sosialistiske demokratiet har til føremål å sikra at makta over staten og økonomien blir liggjande hos folket. Dette demokratiet skal hindra at makta går over til fiendane åt folket på nytt.

I tidlegare sosialistiske land, m.a. Sovjet, har dette vorte framstilt slik at avgjerdsmakta bør liggjå hjå ei lita gruppe i spissen for regjeringa og kommunistpartiet. Alle dei som då er usamde med dei eller stiller spørsmål ved politikken deira er dermed fiendar av folket. Dette er samla i slagordet om ein «monolitisk stat», der alle forhold i økonomi, politikk og kulturliv kan avgjerast ved kommando frå toppen om det er nødvendig.

Vi meiner at denne oppfatninga av proletarietets demokratiske diktatur er gale og strir mot marxismen. Vårt mål er ikkje å innføra denne forma for politisk system i Noreg.

Vi meiner at statsmakta åt proletariatet har som føresetnad at det vert eit demokrati som er så omfattande som råd er for det store folkefleirtalet. Føresetnadene er då:

Høve til ytringsfridom, diskusjon og kritikk

Frie undersøkingar og studiar, fri publikasjon og diskusjon er ein heilt naudsynleg føresetnad for utviklinga av vitenskap, kunst og kultur. Dermed får dette òg avgjerande innverknad både for den nasjonale økonomien og velferda åt folk flest.

Fri politisk diskusjon og kritikk, medrekna kritikk av regjeringspartiet og statsleiinga, er på same vis ein føresetnad for at det sosialistiske demokratiet skal få veksa og utvikla seg. Det har aldri vore skapt sosialisme før i eit land som Noreg. Skal ein dra folkefleirtalet med, kritisera feil tidleg og utvikla ein rett politikk, er det heilt nødvendig med ytringsfridom. Vårt syn på inngrep i ytringsfridomen er at dette berre må vera reine *unnatak*. Dessutan må dei vera konkrete, slik som forbod mot nazipropaganda, rasisme, kvinneundertrykking og sadisme. Inngrepa må vera avgrensingar, slik at alt som ikkje beinveges er forbode skal vera lovleg.

Fridom frå nasjonal underkuing

Sjølvråderett for den samiske nasjonen (sjå elles sameprogrammet til AKP(m-l)). Nasjonale rettar til alle nasjonale minoritetar.

Full juridisk likestilling av kvinner og menn

medrekna vedtak som tek sikte på å sikra røyneleg jamstelling: Dette skal vera med på å bryta ned diskrimineringa av kvinnene.

Personleg individuelt rettsvern

for alle i samfunnet. Samfunnsmedlemmene må vera sikre på at dei kan vera med i lovleg politisk diskusjon og arbeid utan å ottast hemnaksjonar frå nokon. Brotsmenn må dømmast etter *lova*. Dersom ein møter terror frå statsorgan eller private kriminelle bandar, så kan folk heller ikkje i praksis gjera seg nytte av lovfesta demokratiske rettar.

Frie fagforeiningar og streikerett

Berre gjennom fagforeiningar skipa og leia av arbeidarane sjølve, kan arbeidsfolk sikra seg at rettane deira ikkje vert krenkte av byråkratiet i staten og økonomien.

Høve til politisk organisering og verksemd

Fri politisk diskusjon og kamp i Noreg har som føresetnad at ein kan skipa politiske organisasjonar og parti som står for ulike syn. Dei må ha høve til å driva propaganda og vinna seg tilhengjarar.

Statsleiing tufta på frie val

Folket må sjølv kunna velja mellom kandidatar som representerer ulike politiske alternativ. Regjeringa må peikast ut av ei forsamling av folkevalde representantar og stå til ansvars overfor dei.

Alt dette er nødvendige føresetnader for eit sosialistisk demokrati. Men dei er i seg sjølv langt frå nok til at fleirtalet av folket verkeleg kan halda på makta i samfunnet.

I røynda finn vi mange av desse rettane i meir eller mindre grad i somme kapitalistiske land, m.a. Noreg i 1983. Men dette hindrar ikkje at kapitalistklassen har makta og gjennomfører politikken sin i desse landa! Demokratiske rettar og fridom hindra ikkje at England, Frankrike og USA gjennomførte blodige kolonikrigar og folkemord, og at Hitler kom til makta i Tyskland. Desse rettane åleine gir altså aldri makta til folket.

Difor er vi også heilt usamde i å kalla det sosialistiske demokratiet for «ei vidare utvikling, forbedring av det borgarlege demokratiet». Det borgarlege demokratiet er i røynda eit skinn, ei maske som skal gje folket formell godkjenning til herredømmet åt kapitalistane. Vi slåst for eit sosialistisk demokrati som *verkeleg* betyr herredømme for folket, ikkje nokon ny svindel mot folket.

Det sosialistiske demokratiet tek avgjerder som i røynda styrer økonomien og livet åt samfunnsmedlemmene. Dette skil det ut frå det borgarlege demokratiet, der kapitalistane i dei private eller statlege monopola tek alle røynelege avgjerder om økonomien. Men dersom det sosialistiske demokratiet *elles* berre er ein kopi av det borgarlege demokratiet, ser vi det som sannsynleg at det kan bli utgangspunktet for *ei utvikling attende til kapitalismen*.

For både dei gamle borgarane, statsbyråkrata-
ne og dei sentrale administratorane i den sosialis-
tiske staten og økonomien har *faktisk* stor makt
og innverknad lenge etter at kapitalismen er styr-
ta. Arbeidaren i produksjonen, funksjonæren i
det rutineprega styringsverket, læraren eller små-
brukaren kan ikkje måla seg med dei når det gjeld
innverknad, kontaktar og politisk røynsle. Vi må
då sikra at det vert *desse* delane av samfunnet, og
ikkje tidlegare kapitalistar eller noverande byrå-
krati, som skal dominera dei folkevalde organa.
Difor meiner vi det trengst mange særskilde tiltak
som gir det arbeidande folket meir innverknad og
makt og flytter noko på styrkeforholda i sam-
funnet.

Det er sjølv sagt turvande å forby organisa-
sjonar som driv terror, førebur væpna oppstand
eller har kontakt med utanlandsk imperialismen.
Kapitalistar og andre som kjempar for slikt, må
setjast i fengsel og missa dei politiske rettane sine.
Det same må skje med tilsette i statsadministra-
sjonen og det økonomiske styringsverket som er
korrupte og misbruker makta si.

Vi meiner det er rett å forby at sosialistisk stats-
eigedom vert gjord om til privat eigedom.

Det er viktig å knyta dei folkevalde repre-
sasantane nærmare innåt desse som vel dei og
setja dei under veljarkontroll. Dei folkevalde bør
ha løner som svarar til inntektene åt desse som vel
dei. Dei bør ha rapportplikt overfor veljarane, og
desse bør ha høve til å kalla dei attende.

Dei fleste i den ansvarlege leiinga for industriar
og andre verksemdar og mange statsfunksjonærar
bør gjerast om til folkevalde representantar. I dag
vert dei peika ut ovanfrå.

I dag er det framme forslag om antidiskrimi-
neringsreglar og kvoteordningar som skal sikra at
kvinnene vert med i folkevalde forsamlingar. På
same måten bør sosialismen utvikla kvoterings-
og antidiskrimineringsreglar som er til fordel for
arbeidsfolk flest. Dette lyt då gå ut over dei som
sit sentralt i arbeidsdelinga i samfunnet.

Dei tradisjonelle demokratiske rettane som ein
har kjempa seg fram til, må utfyllast med nye,
sosialistiske demokratiske rettar. Dette gjeld t.d.
ytringsfridom på veggaviser, offentleg på arbeids-
plassar og skular. Folk må også få fri innsynsrett i
statsstyringa og den økonomiske administra-
sjonen, fritt tilgjenge til informasjon i store of-
fentlege databankar.

Dersom det skal verta røyngleg like vilkår innan-
for det sosialistiske demokratiet, er det ein føre-
setnad at alle medlemmene av samfunnet har
same høve til å skaffa seg informasjon, utvikla
politisk og administrativ dugleik og gjera synet
sitt kjent. Men då må den samfunnsarbeidsde-
linga vi har i dag i administrasjon og økonomi
endrast.

Når økonomien utviklar seg vidare i samband
med den nye teknologiske revolusjonen, blir dette
også *økonomisk mogeleg*. Nedsettinga av ar-
beidstida gjer det mogeleg å ta ein stor del av pro-
dusentane ut or det vanlege arbeidet sitt ein del av
året. Dei kan då vera med i administrasjonen i
samarbeid med ekspertar og leiarar. Utvikling av
skulegang og tilgang på kunnskap gjer at dei kan
verta så dugande at dei kan ta over meir og meir
av sjølve gjennomføringa av vedtaka i byråkratia.
På denne måten er det mogeleg å erstatta stegvis

meir og meir av statsadministrasjonen av sam-
funnsmedlemmene, slik at samfunnsmedlemmene
sjølve gjer dette til ein fellesadministrasjon over
sitt eige liv. Denne utviklinga peikar i retning av
at staten kan døy bort, slik som Marx sa.

Alle dei tiltaka vi gjer framlegg om her, kan
ikkje i *seg sjølv* sikra at makta vert liggjande hjå
det arbeidande folket, og ikkje går over til ein ny
overklasse som så får kapitalismen på beina att.
Om sosialismen eller kapitalismen skal vinna, er
avhengig av kamp mellom dei ulike klassane og
politiske kreftene under sosialismen. (Dette seier
vi meir om i sluttavsnittet i dette kapitlet.) Det sli-
ke og liknande tiltak kan ha å seia, er som *våpen*
for arbeidarkopane i kampen mot nytt og gam-
malt borgarskap under sosialismen.

Utanrikspolitikken til eit sosialistisk

Noreg

Allment meiner vi at utanrikspolitikken for sosia-
lismen må byggja på desse prinsippa, som vi også
kjempar for under kapitalismen:

- Noreg må tryggja sitt nasjonale sjølvstende og
suvereniteten sin mot imperialismen, Svalbard
medrekna.
- Noreg må seia frå seg all norsk imperialistisk
eigedom og alle territoriale krav (på land i
Antarktis o.l.).
- Noreg må stø alle som strir mot imperialismen,
for frigjering og sosialistisk revolusjon.

Utviklinga av klassekampen og utviklinga av sosialismen

Dei framlegga vi her har sett fram, gjeld økono-
mien og statsorganiseringa i eit sosialistisk Noreg.
Sjølv ikkje i beste fall kan desse tiltaka setjast i
verk utan problem eller ein gong for alle.

Vi har slått fast at det under sosialismen fins yt-
re og indre klassekamp og strid mellom ulike po-
litiske krefter.

Med di sosialismen er ei ny samfunnsform og
eit sosialistisk Noreg er på veg inn i eit nytt og
ukjent område, vil det også måtta føra til feil og
problem. Ytre og indre tilhøve vil føra til kriser
under sosialismen. Situasjonen kan bli vanskeleg
og kampen svært hard.

Sosialismen dreiar seg altså kort og godt ikkje
om å byggja seg opp vakre luftslott. Han er ei ny
samfunnsform som utviklar seg framover gjen-
nom ein langdryg og innfløkt klassekamp.

Om sosialismen i Noreg overlever og *korleis*
han utviklar seg er avhengig av denne klassekam-
pen.

Til no har borgarskapet som har kjempa mot
sosialismen, hatt mange føremøner. I nye sosia-
listiske land finst gammal overklasse, ein mark-
nad, restar av kapitalisme, eit statsapparat og
økonomisk byråkrati. Alt dette gir grobotn for
klasseskilje og klassekamp. Det finst også ei sterk
kapitalistisk omverd. Alle desse faktorane vil so-
sialismen ha imot seg her i Noreg.

På den andre sida har også arbeidarklassen og
det arbeidande folket mange fordelar. Krisa råkar
kapitalismen stadig hardare, sjølv i dei rikaste og
mest utvikla kapitalistiske landa. Stadig fleire
menneske på jorda vert med på revolusjonen og
stør han. Sosialismen i eit land som Noreg vil stå
seg betre reint økonomisk, då utviklinga av pro-

duksjonen og økonomien gjer det mogeleg å skipa ein ovstor sosialistisk sektor. Dermed kan ein også snøgt avgrensa den kapitalistiske verksemda. Politisk har sosialismen den fordel at kunnskapsnivået til det arbeidande folket er svært høgt. Det er difor mykje større sjansar her enn i alle tidlegare sosialistiske land for å erstatta og kontrollera byråkratar som sympatiserer med borgarskapet. Småproduksjonen er liten, og svært mange av småprodusentane vil tena på at sosialismen utviklar seg.

Vi kan også nytta røynslene frå tidlegare sosialistiske revolusjonar og unngå feil som dei har gjort.

Historisk sett vert det stadig meir realistisk å oppretta sosialismen og utvikla han vidare. På hi sida vert det stadig verre å få kapitalismen på fote att.

Under sosialismen er det nødvendig at arbeidarklassen og det arbeidande folket skjonar si eiga historiske rolle, og såleis kjempar for verkeleg å halda på den politiske makta si og styrka henne.

Det er framleis arbeidarklassen som må stå i brodden for klassekampen. For det er berre arbeidarklassen som ikkje kan frigjera seg sjølv på nokon annan måte enn ved å frigjera heile samfunnet. Arbeidarane kan ikkje lyfta seg opp ein-skildvis, dei kan berre lyfta seg opp i samla flokk ved at dei som klasse betrar stoda si i samfunnet. Dette gjeld sjølv om utviklinga av den nye industrielle revolusjonen får det tradisjonelle industriproletariatet til å minka i mengd. Den totale delen av samfunnsmedlemmer som ikkje eig produksjonsmiddel vil likevel halda fram med å auka. Det gjeld både folk som er slått ut av produksjonen og lågare funksjonærer av ulike slag. Om sjikta av intellektuelle held fram med å auka, vil eit stadig større fleirtal av dei få kår og interesser som ligg nokså nær dei industriproletariatet har. Av desse klassane og sjikta er det proletariatet som ut frå si stilling i samfunnet, står i ein nøkkelposisjon når det gjeld å slåss for å utvikla den samfunnsmessige karakteren til produksjonen. Dette gjeld også under sosialismen.

Kvinnespørsmålet har strategisk vekt: Utan frigjering av kvinnene vert det ikkje kommunisme. Ei sterk, organisert kvinnerørsl er nødvendig. Under sosialismen vil det finnast krefter som dreg attende, i retning kapitalismen, og krefter som pressar frametter, i retning kommunisme. Kvinnene og kvinnekampen høyrer til dei siste, for problema til kvinnene kan ikkje løysast fullt ut under sosialismen. Kvinnene er difor ei viktig drivkraft i striden for kommunismen.

Under sosialismen må arbeidarklassen og det arbeidande folket føra ein langvarig kamp mot freistnader på å atterreisa den kapitalistiske *økonomien*. Det vil koma framstøytar frå gammalt borgarskap og folk med borgarlege ambisjonar om å utvida lønsskilja, auka høvet til privat verksemd og utvida marknadene og gje dei større råderom. Jamvel om slike ting somtid kan vera naudsynt, så er dette noko arbeidsfolk *til vanleg* må føra kamp mot.

Ein må føra kamp mot særrettar, avgrensingar i det sosialistiske demokratiet, byråkratisme. Folk i kommandoposisjonar innanfor arbeidsdelinga i samfunnet kan få ønske om å avgrensa fleirtalskontrollen og gje mindre høve til innsyn og kri-

tikk. Dette er steg på vegen mot å sikra si eiga makt og skapa velvære for seg sjølve. Berre klassekamp kan sikra at utviklinga går den andre vegen.

Ein må føra kamp mot reaksjonær borgarleg ideologi i tenkinga, politikken, kunsten og kulturen. Det vil finnast idear om at dei lærde, sjefane og dei gamle kapitalistane står over andre folk. Sameis kan vi nok finna rasisme og sjåvinisme, kvinneundertrykkjande idear, tankar om at målet med livet er å stri fram sine eigne interesser og trakka ned alle andre. Mot dette må det arbeidande folket slåst for idear som er demokratiske og bygde på vitskapleg kunnskap. Desse ideane må forsvara at alle har like rettar og høve til å greia seg i dette samfunnet, og at ein går inn for solidaritet og gjensidig ansvar for kvarandre. Hovudmetodane for slik kamp må vera politisk mobilisering, diskusjon og overtyding. Men utan ein slik klassekamp for revolusjonære idear vert det uråd for folkefleirtalet å hindra at organisasjonane deira og statsapparatet vert overteke av borgarlege byråkratar, som så kan laga seg eit nytt klasseherredømme.

Denne klassekampen kjem til å halda fram i ein lang periode, til sosialismen har sgra i mange andre land i store delar av verda. Sidan kan det bli råd for alle desse landa å gå framover i same leia, fram mot eit verdsomfemnande kommunistisk samfunnssystem.

I heile denne tidbolken treng klassekampen i Norge ei *leiing*. Det vert nødvendig med ei politisk kraft som byggjer på den mest revolusjonære klassen og analyserer stoda i samfunnet og klassekampen. På den måten kan denne politiske krafta meisla ut ein politikk som skal føra klassekampen vidare.

Denne krafta må vera eit revolusjonært kommunistisk parti.

Dette partiet må vera den sentraliserte leiinga i striden mot klassefienden. Det må peika på kven som er fiendane av sosialismen og kva dei vil gjera for å styrta sosialismen og atterreisa kapitalismen. Det må mobilisera til klassekamp mot dei for å leggja kjelkar i vegen for planane deira.

Ein sosialistisk revolusjon kan ikkje sgra over kapitalismen utan at eit kommunistisk parti leier revolusjonen. Difor kan heller ikkje det sosialistiske samfunnet verta ståande og utvikla seg vidare, utan at klassekampen er leia av eit kommunistisk parti. *Det bevisste elementet* vil vera svært viktig under sosialismen. Sosialismen kan spon-tant utvikla seg til kapitalisme, han må utviklast medvite i retning kommunisme. Einast partiet kan leia denne prosessen og peika ut ein strategi fram mot kommunismen. Partiet må analysa utviklinga ved hjelp av marxismen. Slik kan det peika på kva for økonomiske og politiske endringar som er til føremon for arbeidarklassen. Partiet må vera samfunnskritisk og kjempa mot at sosialismen stivnar og degenererer. Det må kjempa *for kommunismen*.

Det kommunistiske partiet må spela ei leiande rolle i den sosialistiske staten. Det må kjempa for å få politisk makt og stå i brodden for regjeringa i eit sosialistisk land.

Med dette meiner vi ikkje at eit revolusjonært kommunistisk parti skal ha *krav* på å diktera over regjeringa og fastsetja politikken. Partiet skal

ikkje gjera dette dersom det er i strid med folkeviljen og eit fleirtal i demokratisk valde organ.

Vi føreset at sosialismen vert bygd opp etter ein revolusjon der kommunistane har stått i brodden. Dei har teke føringa på grunnlag av at dei har fått brei folkeleg stønad for politikken sin. Vi går vidare inn for at det kommunistiske partiet skal slåst for ideane sine i det sosialistiske demokratiet og. Partiet skal vera ei politisk kraft som prøver å vinna oppslutnad for ideane sine. På det grunnlaget vert dei så valde til ansvarlege posisjonar i staten.

Om det kommunistiske partiet ikkje maktar å vinna god nok stønad for å gjennomføra somme programpostar, lyt det gjera kompromiss. Dersom partiet får fleirtalet mot seg, lyt det bøya seg og ta ein politisk kamp for å vinna nok stønad ved overtving, slik at politikken kan gjennomførast.

Vi meiner at det kommunistiske partiet i eit sosialistisk Noreg må vera villig til eit demokratisk samarbeid med andre politiske krefter og parti som er for sosialismen. Partiet må samarbeida jamvel om dei andre er usamde med kommunistane på nokre politiske område.

Det kommunistiske partiet vil altså respektera det sosialistiske demokratiet og folkeviljen.

Samstundes er det ei plikt for det kommunistiske partiet å føra ein revolusjonær kamp mot borgarskapet, dersom utviklinga under sosialismen fører til at det er fare for at eit mindretal av utbytтарar atter kjem til makta. I så fall vil kommunistane alliera seg med andre som vil forsvare sosialismen og med alle middel hindra at kapitalismen vert atterreist.

I mange tidlegare sosialistiske land har kommunistpartiet vakse fram til å bli regjeringspartiet for den statskapitalistiske overklassen. Dette er ei viktig historisk røynsle, som gir bod om ei utvikling som kommunistpartiet i eit sosialistisk Noreg må kjempa for å unngå.

Kommunistpartiet bør føra ein politisk kamp for å få sentrale posisjonar i statsapparatet og økonomien. Samstundes må partiet sjølv ikkje skilja seg frå dei arbeidarhopane det skal representera. Dette er vårt syn.

Eit fleirtal i partiet må vera vanlege arbeidarar og arbeidsfolk som dagleg står i sitt vanlege arbeid. Det same må gjelda for dei leiande organa i partiet. Partiet må ikkje få eit fleirtal av høgare funksjonærar frå staten og økonomien i medlemsflokkene eller leiinga. Då kan partiet lett omskapast til eit politisk vedheng for desse gruppene. Partiet må føra politisk kamp for å få sentrale posisjonar i staten og økonomien. Men det

må heile tida vera på vakt mot å bli oppslukt og øydelagt av statsbyråkratiet, slik at det vert ute av stand til å spela ei sjølvstendig politisk rolle.

Dei høgare partifunksjonærene i stat og økonomi må ikkje få høgare løner og andre fordelar som skil dei frå vanlege arbeidsfolk. Det er også eit ønskemål at verva sirkulerer i den mon det er mogeleg i arbeidet deira. Partileiarar bør ei viss tid av året vera med i vanleg produktivt arbeid. Såleis kan dei kjenna på kroppen korleis dei typiske vilkåra er for dei som dei representerer.

Partiet må krevja skarp indre politisk og personleg disiplin. Det må vera disiplin i studiar og politiske diskusjonar. Partiet må ikkje utvikla ei slavisk haldning til direktiv og politisk line, men halda oppe tradisjonen med stadig ideologisk kamp og drøfting av motsetningar. Partiet strevar ikkje etter monolittisk einskap, men eit friskt indre liv, der politisk usemje kjem fram og vert klårlagt.

Krav til økonomi, levesett og politikk kan verka imot at partiet får utvikla seg til ein karrierestige og ein stad der det er godt å vera for dei som set seg sjølv først. Slike folk må reinskast ut or partiet.

Eit slikt parti som tek vare på og kjempar for den revolusjonære haldninga si og klassekarakteren sin, vil òg kunna få stor tillit i arbeidarklassen og folket. Partiet kan dermed verka som ei motvekt mot dei spontane kapitalistiske tendensane i økonomien og byråkratiet. Partiet tillet ikkje seg sjølv å veksa saman med statsapparatet. Dermed vil det også kunna sjå kritisk på utviklinga der og fremja rettkomen kritikk frå det arbeidande folket mot feil og overgrep. Eit slikt parti treng altså ikkje utvikla seg til å bli ein reiskap for ein ny overklasse. Partiet kan tvert om bli arbeidarklassens skarpaste våpen mot ein slik overklasse.

Vi hevdar ikkje at eit slikt parti støtt har rett. Sjølv sagt vil det gjera feil. Namnet kommunistparti borgar ikkje for at partiet verkeleg er kommunistisk. For at partiet skal halda fram med å vera kommunistisk, trengst det stadig kamp i partiet sjølv. Det er også viktig at flest mogeleg i arbeidarklassen og det arbeidande folket utanfor partiet, har kjennskap til og skolering i den vitenskaplege sosialismen. Endrar partiet karakter, vert det naudsynt å ta opp striden for eit nytt, verkeleg revolusjonært kommunistparti.

Men dette skaper *betre* føresetnader for å halda på den politiske karakteren til partiet ved hjelp av kamp. Gjer partiet feil, vil kritikk koma fram og det vil vera råd å kjempa for å endra kursen. (Meir om det kommunistiske partiet i del III.)

6. kapittel

UTVIKLINGA AV KLASSEKAMPEN UNDER KAPITALISMEN

Dei viktigaste formene for klassekamp i Noreg i dag

Klassane kjempar mot kvarandre kvar dag, om den økonomiske utviklinga, om det nasjonale sjølvstendet i Noreg, internasjonal politikk, demokratiske rettar osv. Desse kampane rører ikkje ved makta åt kapitalistklassen. Men dei fastset i mange høve kva kapitalistklassen kan tillata seg å gjera og kva han ikkje kan gjera. Desse kampane har mykje å seia for livet til det arbeidande folket og den framtidige politiske utviklinga. Arbeidar-klassen og det arbeidande folket må dessutan ha rike røynslar frå mange ulike slags klassekampar på førehand. Dette er føresetnaden for at ein sosialistisk revolusjon skal bli mogeleg. Alt dette gjer at alle dei store og små klassekampane som vert utvikla under dei stabile tilhøva den norske kapitalismen har no, er svært viktige.

Det har ikkje noko for seg å laga nokon detaljert katalog med parolar for desse kampane her. Partiet vårt arbeider på mange ulike område og utviklar konkret politikk for dei etter kvart som stoda endrar seg. Vi viser til arbeidsprogrammet til partiet frå 1982–83, *sameprogrammet* åt partiet frå 1980 og andre program og vedtak som gjeld for ulike arbeidsområde.

Partiet prioriterer no (1983) dagskampen på desse områda:

- Kampen for norsk sjølvstende mot imperialismen, for eit sjølvstendig norsk forsvar uavhengig av USA og NATO, mot sovjetisk press, mot krigsopprustinga frå supermaktene og for fred.
- Kampen for internasjonal solidaritet mot imperialismen.
- Kampen mot nasjonal undertrykking i Noreg, for sjølvråderett for samane, mot rasisme og sjåvinisme, for rettane åt innvandrarar og framandarbeidarar.
- Kamp for arbeidsplassane og lønene åt arbeidarar, funksjonærar, intellektuelle, bønder og fiskarar, mot arbeidsløysa.
- Kampen for å forsvare industrien og økonomien i Noreg mot rasering som eit resultat av den kapitalistiske krisa.
- Kampen for å verna om helsestellet og dei sosiale ytingane, for levelege kår for pensjonistane.
- Kampen for å forsvare skulesystemet og forskninga, kunst og kultur.
- Kampen mot kapitalismens rasering av natur og miljø.
- Kampen for norsk språk, for dialekt og nynorsk skriftspråk i Noreg.
- Kampen for røyneleg frigjerings av kvinnene.
- Kampen for interessene åt ungdommen.
- Kampen mot diskriminering og for frigjerings av homofile.

- Kampen mot kapitalismens rasering av samfunnet, mot narkotika, prostitusjon og gangstervelde.
- Kampen for å forsvare demokratiske rettar, mot fascismen.
- Kampen for å utvikla fagforeiningane som reiskap for interessene åt arbeidarklassen og medlemmene der, for å styrka demokratiet og utvikla kampviljen der.
- Kampen for å styrka dei folkelege organisasjonane.
- Kampen for å støtta folket sine interesser i parlamentariske organ.
- Kampen for å styrka solidariteten og samarbeidet mellom alle delar av det arbeidande folket.

Avgrensingane i den reine kampen for reformer

Kampar på alle desse områda er bra, og det er viktig at dei får utvikla seg. Men trass i dette, så kan dei aldri nokosinne *åleine* føra det norske samfunnet ein millimeter nærmare sosialismen. Her ligg òg den viktige avgrensinga i desse kampane. Det gjeld særleg så lenge dei vert førte isolerte frå kvarandre og utan andre perspektiv enn å hindra at det skjer ei eller anna forverring eller få til ei eller anna progressiv reform.

Kapitalismen kan godta mange slags konseksjonar og reformer, så lenge han greier å halda på makta si over økonomien og staten. Seinare kan han jamvel bruka makta over økonomien og staten til å ta attende det folket vann, om det er nødvendig. Dette gjeld allment under kapitalismen.

Slik den kapitalistiske krisa utviklar seg no, vert det dinest verre å pressa fram konseksjonar som kan gje røynelege *betringar* på eitt eller anna område. Sjøelve kampen for små reformer under kapitalismen får eit meir og meir defensivt preg: berga ei bedrift, eit sjukehus eller ein skule, hindra større nedgang i løner eller pensjonar osv.

Kampen for verkeleg store og varige *endringar* på ymse område der den daglege klassekampen går føre seg no, krev difor ein kamp for å kasta *heile det kapitalistiske systemet*. Dette skjønar berre eit mindretal i dag. Men røyntslene frå desse ulike lokale og sektorvise kampane gjer det mogeleg å utvikla ei slik forståing hos stadig fleire i det arbeidande folket.

Her — og berre her — ligg den langsiktige og revolusjonære innverknaden av desse kampane. Dei kan brukast til å *auka* talet på dei som forstår at heile det kapitalistiske systemet må kastast på skraphaugen. Slik kan dei spela ei rolle i den langvarige kampen for å samla og organisera krefter i arbeidarklassen og folket, framfor den avgjerande styrkeprøva med kapitalistklassen.

Men dette skjer ikkje av seg sjølv. I dei tilfella der ingen held fram eit slikt perspektiv i samband med desse kampane, så vil dei heller ikkje føra til noka styrking av kreftene som på lang sikt vil slåst for sosialismen. Ein må bruka desse kampane aktivt til å forklara det kapitalistiske systemet og visa kor nødvendig sosialismen er, elles monar det ikkje. Isolert og utan perspektiv kan slike kampar ikkje gje større medvit enn at det er bra å reformera kapitalismen, jamvel om dei er aldri så bra. Det er difor ymse borgarlege retningar, som reformisme, sosialdemokrati og ulike former for revisjonisme, som vert styrka av slike kampar då.

Det er difor nødvendig at dei revolusjonære kommunistane og andre som skjønar kor nødvendig sosialismen er, blir aktivt med i alle desse kampane. Samstundes må kommunistane halda fram dei langsiktige sosialistiske perspektiva. Dei må samarbeida utan sekterisme med alle slags krefter som vil stri mot bakstrevet. Men samstundes må ikkje kommunistane forfalla til opportunistisk økonomisme, og nytta høvet til å forklara og diskutera kapitalismen og sosialismen.

Dette er ein lekk i ein langdryg historisk prosess for å samla krefter. I brei målestokk, for å auka forståinga i heile arbeidarklassen og det arbeidande folket, slik at dei skjønar kor viktig ei samsfunnsomvelting er. I smal målestokk for å samla og organisera dei mest medvitne kreftene i klassen og folket og få dei med i kommunistpartiet og revolusjonære organisasjonar. Dette er den viktigaste strategiske oppgåva innanfor den daglege klassekampen no.

Oppgåvene i kampen om Noreg vert drege med i ein 3. verdskrig

Situasjonen i Noreg vert totalt endra dersom Noreg vert slagmark i ein tredje imperialistisk

verdskrig. Dette vil krevja at arbeidarklassen og det arbeidande folket slår seg i lag med alle patriotiske klassar, parti og einskildpersonar for å forsvara sjølvstendet i Noreg.

Dersom Sovjet set i verk det lynåtalet mot Noreg slik planane er, så er det rett å stø den forsvarskrigen som det borgarlege norske forsvaret fører så lenge som råd. Karakteren detteforsvaret har, gjer at det mest sannsynleg vil bryta saman etter ei viss tid. Det er difor nødvendig å utvikla ein folkekrig heilt frå starten.

Dersom Noreg vert okkupert av Sovjet, vil hovudmotseiinga gå mellom den sovjetiske okkupasjonsmakta og det norske folket (av norsk og andre nasjonalitetar). Då må arbeidarklassen og det arbeidande folket slå seg saman med alle som vil slåst mot okkupanten og skapa ein nasjonal einskapsfront og ein frigjeringshær. Vi må då føra ein langvarig nasjonal-revolusjonær frigjeringskrig mot okkupantmakta. I ein slik strid kan somme delar av kapitalistklassen dragast med på folket si side, medan andre delar av kapitalistklassen vil freista å gjera kompromiss med okkupanten. Berre arbeidarklassen og det arbeidande folket kan leia motstandskampen konsekvent fram til siger.

Dersom det norske folket sigrar i ein slik motstandskrig, vert motseiinga mellom borgarskap og proletariat atter hovudmotseiinga i Noreg.

Politikken til partiet vårt er å kjempa for å utvikla ein mest mogeleg konsekvent og brei motstandsfront mot okkupanten. Vi vil prøva å utvikla klassekampen etter sigeren, slik at dette kan bli startfasen for den sosialistiske revolusjonen i Noreg.

Elles viser vi til *det militærpolitiske programmet til AKP(m-l)*, som vart vedteke på landskonferansen våren 1979.

DEN INTERNASJONALE KOMMUNISTISKE RØRSLA OG AKP(m-l)

7. kapittel

DEN INTERNASJONALE KOMMUNISTISKE RØRSLA

Om kor nødvendig kommunistiske parti er

Det verkelege kommunistiske partiet er ein del av arbeidarklassen som ikkje har nokon andre mål enn interessene til heile arbeidarklassen. Det skil seg frå resten av arbeidarklassen *berre* i det at det alltid i kvar einaste kamp tenkjer på dei sams langsiktige interessene som arbeidarklassen har. Kommunistpartiet vert skapt ut frå den mest revolusjonære og kampvillige delen av arbeidarklassen.

Kommunistane er det arbeidarpartiet som kjempar for det langsiktige målet å avskaffa alle klasseskilja på heile jorda. Det slåst ikkje for snevre særinteresser eller for makt og rikdom til medlemmene sine. Det er viktig å slå fast dette, fordi supermakta Sovjet har sett ordet kommunistparti i vanry i store delar av verda. Der vert nemninga kommunist oppfatta som ein agent for sosialimperialismen, ein tilhengar av fascistisk diktatur og ein som jagar etter rikdom for seg sjølv. Men denne sovjetiske bruken av nemninga kommunist er svindel. Dette er den rake motsetninga til alt det den verkelege kommunismen står for.

Kapitalistklassen har hand om eigedommen og staten, han har organisasjon, politisk leiing og rike historiske røynsler. Arbeidarklassen kan ikkje vinna over dette utan sjølv å skapa organisasjon, politisk leiing og ei vitskapleg forståing av samfunnet og revolusjonen. Kommunistpartiet vert skapt for å løysa desse oppgåvene.

Kommunistpartiet trengst under *kapitalismen*, fordi det berre er slike parti som kan leia klassekampen under dei mest skiftande tilhøva. Det er berre det som kan leia den økonomiske, politiske og teoretiske kampen som trengst for å førebu folket på revolusjon.

Det trengst i ein *revolusjonær situasjon*, fordi berre slike parti kan leia den væpna revolusjonen som det arbeidande folket må gjennomføra for å ta statsmakta frå kapitalistane.

Kommunistpartiet trengst når revolusjonen har *vunne den første sigeren over borgarskapet og oppretta proletariatets diktatur*. Det sosialistiske samfunnet utviklar seg ikkje vidare av seg sjølv. Det må førast ein målmedviten klassekamp etter

ein plan for å utvikla samfunnet vidare i kommunistisk lei. Dette er berre mogeleg med eit kommunistisk parti i leiinga.

Utviklinga av den kommunistiske rørsla frå Marx til Mao

Historia til den moderne kommunistiske rørsla byrjar med at Marx og Engels skipar Kommunistforbundet og gir ut programmet for det, Det kommunistiske manifestet i 1848.

Marx og Engels utvikla *den vitskaplege sosialismen*. Før deira tid bygde sosialistisk og kommunistisk teori på ei kjensle av raseri mot klasseundertrykkinga og voner og ønske for framtida. Marxismen utvikla ein analyse av samfunnsutviklinga på grunnlag av det beste i vitskapleg kunnskap og politiske røynsler. Dermed gav marxismen arbeidarklassen ein framifrå reiskap til å forandre verda med. Samfunnsutviklinga skapte også eit stort proletariat med nok politisk røynsle til at marxismen kunne spreia seg. Marxismen vann over borgarlege retningar i den unge arbeidarrørsla. Dette galdt ymse former for utopisk sosialisme og anarkisme. Det voks fram store arbeidarparti med eit marxistisk program. For første gong i verdshistoria stod arbeidarklassen fram som sjølvstendig politisk kraft, med det klare målet å ta makta. Såleis skulle utbyttinga avskaffast og klasseskilja bort.

Tidleg i dette hundreåret hadde mange av dei gamle sosialdemokratiske arbeidarpartia utvikla seg i borgarleg lei. Lenin leia den revolusjonære delen av partiet i Russland (bolsjevikpartiet). Dei stod i spissen for ein skarp internasjonal kamp mot dei borgarlege sosialdemokratane. Bolsjevikpartiet leia den første landsomfattande sosialistiske revolusjonen i Tsar-Russland i 1917. Etter dette tok bolsjevikane namnet Sovjetunionens Kommunistiske Parti. Lenin forsvara dei revolusjonære teoriane til Marx og utvikla den marxistiske analysen vidare. Lenin gav m.a. ei vitskapleg framstilling av kapitalismens utvikling til monopolkapitalisme og imperialismen. Han slo fast at dei verkeleg revolusjonære i arbeidarrørsla alle stader må organisera disiplinerte parti, som lyt vera stengde for borgarlege karrieremakarar. Etter tildriv frå Lenin kalla marxist-leninistane partia sine for *kommunistiske* og slo seg saman i den

kommunistiske internasjonale. Etter at Lenin var død, vart Stalin leiar av partiet i Sovjet og den sjølvskrivne leiaren av kommunistane i heile verda. Han forsvara teoriane til Marx og Lenin og stod for ei rett line i motsetning til andre sovjetiske leiarar, som t.d. Trotsky. Stalin leia oppbygginga av sosialismen og forsvarskrigen mot Hitlers fascisme. I denne tidbolken oppstod det kommunistparti i mange land over heile verda, og kommunistparti kom til makta i mange land etter sigeren over fascismen i den 2. verdskrigen.

I 1949 sgra den kinesiske revolusjonen, leia av Kinas Kommunistiske Parti og Mao Zedong. Kring ¼ av alle menneske på jorda bur i Kina, og revolusjonen der er den største revolusjonen i moderne tid. Han vart eit gjennombrøt i kampen mot imperialismen og for sosialismen i den 3. verda. Då Sovjet og mange andre tidlegare sosialistiske land gjekk attende til kapitalismen att, var Mao den første som slo fast at dette hadde skjedd. Mao forsvara dei marxist-leninistiske teoriane og utvikla dei vidare, m.a. ved å streka under at klassekampen held fram under sosialismen. Han viste òg at kapitalismen kan bli atterreist etter ein sosialistisk revolusjon. Han slo fast at Sovjet var blitt ei sosialimperialistisk supermakt og kritiserte den moderne revisjonismen til Krustsjov og Bresjnev. Mao oppmoda dei røynelege kommunistane til å skipa nye parti der dei gamle partia vende seg bort frå marxismen-leninismen. Desse nye partia sa frå om at dei byggjer på marxismen-leninismen-Mao Zedongs tenking. Med dette sa dei seg samde med Maos standpunkt mot den sovjetiske forfalskinga av kommunismen.

Nokre kritiske synspunkt på utviklinga av kommunismen

Dei store resultatene den internasjonale kommunistiske rørsla har oppnådd, stadfester den rette hovudlina i teoriane til Marx, Lenin og Mao. Historia stadfester den marxistiske analysen av korleis kapitalismen og imperialismen har utvikla seg. Berre kommunistiske parti har leia revolusjonar som har velta kapitalismen overende. Sosialismen har gitt enorme framsteg for meir enn ein milliard menneske. Dette gjeld også i dei tilfella der sosialismen har gått under etter ei tid. Kampen til kommunistane har hatt svært mykje å seia for arbeidarklassen og folkehopen i mange land over heile verda, sjølv om ein sosialistisk revolusjon enno ikkje har sgra der.

Samtidig har det vore nederlag og tilbakeslag. Mange av desse atterslaga må vi seia ikkje har vore til å unngå, historisk sett. Den økonomiske og politiske utviklinga var enno ikkje mogen for sosialistisk siger. Men også feil i kommunistane sin eigen teori og praksis har vore årsak til dette. Det er viktig å studera desse røynslene og dra lærdom av slike feil.

Det er særleg viktig å studera dette no, fordi det første sosialistiske landet i verda har gått over til å bli ei supermakt. Denne supermakta driv imperialismen under dekke av snakk om marxisme og sosialisme. Dei fleste av dei gamle kommunistpartia er i røynda blitt borgarlege parti. Somme av dei er no femtekolonnar for den sovjetiske sosialimperialismen. Dei verkelege kommunistane

må avgrensa seg frå ei slik utvikling. Difor må dei også undersøkje kva for kimar det var i den gamle kommunistrørsla som kunne gje opphavet til denne utviklinga.

Vårt parti, AKP(m-l), er ikkje ferdig med ein slik analyse. Men vi vil peika på somme punkt som kan få noko å seia for dette.

Historia stadfester den rette hovudinnrettinga i teoriane til Marx. Men ho viser også at desse teoriane slett ikkje er perfekte og ferdige. Det vil dei heller aldri bli. Dette meinte også Marx sjølv. Mange av dei konkrete spådommane som Marx og Engels kom med når det galdt utviklinga av revolusjonen i Europa var range. Marx og Engels skjøna heller ikkje at dei store marxistiske arbeidartia nokså lett kunne utvikla seg til borgarlege parti. På same måten har soga vist at Lenin på ein rang måte oppfatta den spesielle organisasjonsforma som sosialismen fekk i Sovjet som allmenngyldig for heile verda.

Lenin gjorde rett då han gjekk inn for at kommunistane i alle land skulle stø kvarandre og samarbeida i kampen mot kapitalismen og opportunismen. Men vi meiner Lenin tok feil då han gjekk inn for å skipa Komintern, med eit internasjonalt sentrum og internasjonal disiplin. Dette står i strid med oppgåvene til den sosialistiske verdsrevolusjonen no og i overskueleg framtid, som krev at kvart folk frir seg sjølv ut frå dei ulike vilkåra i kvart einskilt land.

Stalin forsvara på den eine sida dei sentrale ideane til Marx og Lenin. Når det galdt utviklinga av sosialismen i Sovjet og kampen mot imperialismen, spela han ei positiv rolle. Men på den andre sida kom det sovjetiske partiet på hans tid til å utvikla praksis og teoriar som har gjort skade på den kommunistiske verdsrørsla.

Dette gjeld m.a. ideen om at marxismen-leninismen er ein fullkomen og ferdig teori der alt er heva over kritikk, og der denne teorien vert forvalta av det sovjetiske kommunistpartiet. Internasjonalisme vart forvrengt til lydnad mot diktat frå det sovjetiske partiet. Andre land vart underordna Sovjets nasjonale interesser. I Sovjet sjølv vart proletariatets diktatur ikkje berre definert som undertrykking av reaksjonære, men også som avgrensing av demokratiet for det arbeidande folket. Kritikk og ordskifte skulle hindrast. Brotsverk som vart gjorde under sosialismen og sovjetiske overgrep mot andre land vart forsvara som korrekt kommunistisk politikk. Byråkrati og særrettar fekk gro fram i det økonomiske livet, staten og partiet. I partia utanfor Sovjet vart den sjølvstendige utviklinga av teorien og politikken hindra. I staden fekk vi ein dogmatisk lojalitet mot oktoberrevolusjonens modell.

Feila som utvikla seg i den kommunistiske rørsla på denne tida har mykje å seia i praktisk politikk. Revisjonistane har brukt dei som argument til å kasta vrak på ikkje berre slik som var gale, men alt det som var rett og revolusjonært i marxismen-leninismen som Stalin forsvara. Dei nytta då det argumentet at alt som Stalin støtta er kompromittert og gale. På hi sida held det sovjetiske partiet framleis fram med å legitimera sin interne fascisme og ytre imperialismen med range teoriar som vart utvikla i Sovjet under Stalin, som at alt som tener stormaktsinteressene til Sovjet også tener sosialismen og at alle verkeleg revolu-

sjonære har plikt til å vera lydige andsynes Moskva. I dei kommunistiske partia finn vi også ein dårleg arv, med tendensar til dogmatisk og lite sjølvstendig tenking. Mange prøver å kopiera land der det har vore revolusjon og syner ei krypande husmannsframferd i høve til dei. Dei syner ei uklar og vaklande haldning i spørsmål som har med demokrati og nasjonalt sjølvstende å gjera.

Mao heldt fast på og utvikla det revolusjonære innhaldet i teoriane til Marx, Engels, Lenin og Stalin. Samstundes starta han eit kritisk oppgjer med dei feila som hadde utvikla seg i Sovjet. Han kritiserte byråkrati og borgarleg utvikling i Sovjet. Han streka under at alle kommunistiske parti må vera sjølvstendige og ha like rettar. Han skilde mellom undertrykking av reaksjonære og demokrati og diskusjon blant folket under sosialismen. Han forsvara og utvikla marxismen-leninismen som ein kritisk vitskapleg teori og gjekk til kamp mot dogmatismen. Samstundes viser historia at mange av feila som utvikla seg i det sosialistiske Sovjet også voks fram i Kina. Når det gjeld å analysa kapitalismen som utviklar seg på grunnlag av tidlegare sosialisme, så kom Mao til kort. Mao sine teoriar var uferdige og har ikkje vorte stadfest av historia på det feltet. Han greidde ikkje å analysa korleis dette vart til og på kva måte ein skulle forhindra det.

Vi kommunistar her hos oss lever i eit land i den høgt utvikla kapitalistiske verda. For oss vert det difor viktig å slå fast at den kommunistiske rørsle i vår del av verda har vorte liggjande etter i utvikling. I dei siste 30 åra har dei røynelege kommunistpartia vunne størst framgang i den 3. verda. Dette er i samsvar med utviklinga av den revolusjonære prosessen i verda i dag. Samstundes er det eit uttrykk for den største veikskapen i den kommunistiske rørsle i dei høgt utvikla landa også. I desse landa står imperialistiske, sosialdemokratiske og revisjonistiske idear sterkt i ulike delar av arbeidarklassen. Den revolusjonære rørsle som har stått i opposisjon til dette, har vore merkt av dogmatisme, kopiering av modellar, krypande husmannsframferd og mangel på sjølvstendig, vitskapleg marxistisk analyse. Dette har samanheng med at det har vorte spreidd ei

rang oppfatning av marxismen-leninismen i desse landa i mange år. Dette er eit resultat av at ein verkeleg sjølvstendig, teoretisk analyse av vilkåra i desse landa ikkje er forsøkt utvikla i dei siste 50 åra.

Den kommunistiske verdsrørsle i dag

Vårt syn på den kommunistiske verdsrørsle i dag er dette:

Vegen til frigjering for verdsproletariatet er den revolusjonære kommunismen. Det er rett å halda fast på hovudlina til Marx, Lenin og Mao. I alle land treng arbeidarklassen og folket kommunistparti som byggjer på denne hovudlina. Då først kan dei frigjera seg. Ingen slags revisjonistiske eller sosialdemokratiske parti kan spela denne rolla. Når det gjeld dette spørsmålet, kan ikkje den internasjonale kommunistiske rørsle gjera noko kompromiss.

I dag finst det ikkje lenger noko sentrum for den kommunistiske verdsrørsle. Ikkje noko parti eller land er modell og har rett til å bestemma over andre. Alle har like rettar og må utvikla sin eigen politikk på grunnlag av analysar av sitt eige land.

På dette grunnlaget er det nødvendig å utvikla samkjensle og samarbeid tufta på proletarisk internasjonalisme. Motsetnadene i verda skjerpar seg svært raskt. Mange revolusjonar kjem til å bryta ut. Det er kommunistane si internasjonale plikt å stø dei. Det er den internasjonale plikta deira å stø einannen og læra av kvarandre.

Den internasjonale kommunistiske rørsle er framleis inne i ein fase med reorganisering og samling av krefter. Det som kjem til å avgjera kva for parti som vil stabilisera og styrka seg, er partiets evne til å utvikla ein rett politikk for sitt eige land. Partia må bli nyttige reiskapar for arbeidarklassen og folket der. Dette krev lojalitet mot den revolusjonære kommunismen og dei riktige prinsippa der. Samstundes må dogmatismen avvisast og partia lyt verta politisk sjølvstendige. Tilhøva i eigne land må granskast nøye. Dei partia som på dette viset vinn styrke i masserørsle i sitt eige land, må utvikla sterkare band seg imellom. Gradvis må dei utvikla ei sterk internasjonal kommunistisk rørsle, bygd på like rettar for alle.

8. kapittel

ARBEIDERNE KOMMUNISTPARTI (marxist-leninistene) I NOREG

AKP(m-l) sine mål og politiske grunnlag

Arbeidernes kommunistparti (marxist-leninistene) er skipa for å kjempa for frigjering for arbeidarklassen og det arbeidande folket i Noreg: for sosialismen og for kommunismen i heile verda.

AKP(m-l) byggjer på den internasjonale kommunistiske rørsle og røynsle hennar. Dette er støypt inn i marxismen-leninismen-maoismen (eller Mao Zedongs tenking) og byggjer samstundes på våre eigne undersøkingar og analysar av det norske samfunnet. Dei politiske konklusjonane vi dreg av det er lagde fram i dette programmet.

Eit internasjonalistisk og patriotisk parti

AKP(m-l) er eit internasjonalistisk parti fordi:

- det kjempar for frigjeringa til folk over heile verda og stør alle som kjempar mot imperialismen.
- det står saman med kommunistparti i mange land i den internasjonale kommunistiske rørs- la.
- det går mot norsk nasjonalt storlæte og rasis- me, for nasjonal sjølvråderett for den samiske nasjonen og røyndleg likestilling og venskap mellom alle innbyggjarar i Noreg same kva nasjonalitet dei har.

AKP(m-l) er eit patriotisk og norsk parti fordi:

- det slåst for norsk sjølvstende mot imperialis- men, no og i framtida, og partiet vil forsvare Noreg mot militære åtak.
- det er eit sjølvstendig parti som bestemmer lina si uavhengig av andre. Partiet godkjenner ikkje noko internasjonalt sentrum og let ikkje andre blanda seg borti dei indre sakene i par- tiet.
- det byggjer på dei store tradisjonane frå den norske revolusjonære arbeidarrørs- la, frå Thrane-rørs- la og den tida då DNA og NKP var revolusjonære parti.
- det respekterer og forsvargar kulturen og tradi- sjonane til folket i Noreg av ulike nasjonalite- tar.

Arbeidsmåten og organisasjonen åt

AKP(m-l)

AKP(m-l) er eit parti av ein ny type

Alle andre parti i Noreg er organiserte for å vinna parlamentarisk makt under kapitalismen. AKP(m-l) er skapt for å mobilisera folket til å styrta kapitalismen.

AKP(m-l) er eit arbeidsparti

Den viktigaste og mest revolusjonære klassen må også vera kjerna og ryggraden i AKP(m-l) sjølv. Partiet er ope for alle revolusjonære. Men det legg stor vekt på at arbeidarar skal spela ei hovud- rolle i organisasjonen. Det er også særskilt ute et- ter vanlege arbeidande intellektuelle og arbeids- folk på landsbygda. Partiet legg vekt på at kvin- ner skal utgjera ein stor del av medlemmene og ha mange tillitsverv. Kvinnene er den mest under- trykte delen av det arbeidande folket. Partiet legg også mykje vinn på å få med arbeidarar frå dei nasjonale minoritetane.

AKP(m-l) kjenner ansvar for heile klassekampen

